



VITENSKAPELIG
HØYSKOLE
Norwegian School of
Theology, Religion and Society

Inkarnasjon

som

transformasjon og relasjon

Ein analyse av korleis Niels Henrik Gregersen forstår djup inkarnasjon

Helga Ekehaug

Rettleiar

Professor i systematisk teologi, Harald Hegstad

MF vitenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn,

AVH5095: Masteroppgåve i systematisk teologi (30 ECTS), Haust 2023

Tal på ord: 21 726



Forord

Tidlegare såg eg på teologi som å gå seg vekk i intrikate detaljar medan ein ser seg blind for budskapen som ligg bak. Lat oss tenkja oss ei forteljinga om Oskeladden, den siste av tre søner, som skulle ut å prøve lukka. Han fekk, på lik linje med brørne, ei god niste med seg på vegen. Dei møtte alle på mikkell rev som bad om å få smaka nista deira. Oskeladden var den einaste som delte det han hadde, ueigennyttig. Mikkell rev viste seg seinare å vera ein god og nyttig hjelpar. Teologi ville i denne samanhengen, vera å diskutera om det var ein fjellrev eller sølvrev Oskeladden møtte. Vidare ville ein diskutera om det truleg var flatbrød, grovbrød eller kveitebrød som var i nista. Slik at ein kunne laga ritual for å likna denne hendinga. Med strev og møde laga sama sorten niste og gje det til den rette sorten rev. Ein ville gjenta dette i hundrevis av år etterpå, utan å få med seg poenget i forteljinga.

Niels Henrik Gregersen er, for meg, ein teolog som på alvor tek tak i kjernen bak forteljinga om inkarnasjon. Dette er eg takksam for, fordi det gjer det lettare for meg å gå inn i teologi, og vonleg prestetenesta, med integritet.

Vidare takkar eg professor i teologi, Harald Hegstad, for støtte og rettleiing med oppgåva.

Samandrag

Denne oppgåva analyserer ‘djup inkarnasjon’ slik Niels Henrik Gregersen forstår omgrepet. Den er basert på eit materiale Gregersen har skrive frå 2001 til 2021, viser korleis han har utvikla omgrepet og bidrege til teologisk utvikling av fleire dogme.

Problemstillinga for denne oppgåva kan formulerast på følgjande måte: «*Kva inneber Niels Henrik Gregersen si forståing av inkarnasjon som ‘djup inkarnasjon’?* På denne bakgrunnen drøftar oppgåva kva ei slik forståing kan bety for andre teologiske tema og for korleis me lever våre liv. Dette er ei teoretisk oppgåve som nyttar tekstanalyse som metode for å finna ut kva Gregersen meiner med inkarnasjon.

Først var føremålet til Gregersen å differensiera liding i verda, for både menneske og andre vesen, frå tanken om at det enten var resultat av synd eller Gud si rettmessige straffer, ved å erkjenna at liding, sjukdom og død var eit fakta, milliardar av år før noko liv var medvitne om dette. Liding høyrer til naturlege prosessar som evolusjon, ikkje moral.

I den utviklande fasen, vart omgrepet meir formande for anna teologi. Samstundes vart det skilt frå panteisme. Gud er ikkje inkarnert i alt i tydinga identisk med skaparverket. Gud er, gjennom Ordet, nærverande med og for alt som er. Det betyr at frelse er ein pågåande prosess og at den ikkje er avgrensa til kristne eller menneske som art.

Gregersen viser i seinare år, korleis djup inkarnasjon kan bidra til ei forming av menneske sin identitet og sjølvkjensla. Der ein som grunnleggande knytt til ein kjærleg og empatisk Gud, og med ein fleksibel identitet, kan evna å sjå seg sjølv som foreint med sine omgjevnader på ein måte som får konsekvensar for våre relasjonar til både andre medmenneske og naturen.

Dommedag med sanning og Gud sin kjærleik, kan her og no føra til fred både i folk og natur.

Innholdsliste

1	Innleiing	1
1.1	Bakgrunn,	1
1.2	Problemstilling.....	2
1.3	Figurant og materiale.....	3
1.4	Systematisk teologi.....	5
1.5	Metode	5
1.6	Oppgåvestruktur	8
2	Inkarnasjon tradisjonelt forstått.....	9
3	Gregersen sitt syn på djup inkarnasjon	12
3.1	Djup inkarnasjon via Luther og Darwin	14
3.2	Kven inkarnerer seg?	15
3.3	Kven eller kva er inkarnert?	17
3.4	Synd, ondskap, liding, død og helvete.....	18
4	Gregersen si utvikling av djup inkarnasjon.....	20
4.1	Er Jesus universell?	21
4.2	Er alt inkarnert?	22
4.3	Strict, wide, full scope incarnation	23
4.3.1	Avgrensa omfang (Strict sense)	24
4.3.2	I vidt omfang (Broad scope).....	26
4.3.3	I fullt omfang (Full scope)	28
4.4	Kvifor inkarnasjonen?	29
5	Gregersen i klartekst om djup inkarnasjon.....	30
5.1	Skaping og inkarnasjon	31
5.2	Kristus som gjerande eller værande?.....	31
5.3	Kronosentrisk tidsperspektiv	32
5.4	Økoteologi	32

5.5	Frelse i fjern framtid er avgrensande	32
5.6	Nærvær som ei spirituell bru	33
6	Gregersen sine nyaste perspektiv på djup inkarnasjon.....	34
6.1	Polstra eller fleksibel identitet?	34
6.2	Kristus som samkvalitet i kristen identitet	36
7	Drøfting av djup inkarnasjon.....	37
7.1	Er Kristus kun for kristne?.....	37
7.1.1	Universalisme.....	37
7.1.2	Panenteisme.....	39
7.1.3	Pluralisme.....	39
7.1.4	Konklusjon: Er Kristus kun for kristne?	40
7.2	Synd og ondskap.....	41
7.3	Vondskap i verda	43
7.4	Dommedag som transformasjon	44
7.4.1	Tidsperspektiv	45
7.4.2	Sanning.....	45
7.4.3	Skam.....	46
7.4.4	Nåde	46
7.4.5	Relasjon.....	47
8	Det levande Ordet i relasjonar.....	48
8.1	Djup resonans- føresetnad for og resultat av dommedag	48
8.2	Økoteologi	50
8.3	Eg og du som Kristus.....	52
8.4	Eg og Du i relasjon	53
9	Oppsummering og konklusjon	55

1 Innleiing

Mine erfaringar, haldningar, mål og motivasjon har saman med val av tema, metode og problemstilling, innverknad på oppgåva.¹ For å vera open og etterretteleg gjer eg kort greie for bakgrunn og inngang til oppgåva i innleiinga. Vonar den kan vera med å og bidra til eit sjenerøst felt mellom menneske, både i og utanfor den teologiske samtalen. Teologen Niels Henrik Gregersen er eit førebilete i så måte og viser til Kathryn Greene McCreight sitt syn på sjenerøsitet: Viljen til å gjensidig lytta til kvarandre, ikkje berre lata den andre snakka ferdig, men lytta med ei nyfiken interesse heller enn å hoppa på sin høge hest og gje seg sjølv retten til å vurdera rett og vranget.²

1.1 Bakgrunn,

Eg starta dette teologistudiet med fordommar mot kristne generelt og særleg teologar. Ein tanke har vore at desse tviheld på gamle sanningar, ser kristne dogme og forteljingar som absolutte, heilage og skal ikkje brynast saman med personleg kongruens (samsvar mellom ord og handling), vitenskap eller andre religionar. I møte med ein del pensumlitteratur, professorar og medstudentar er ein del av desse fordommane svekka medan andre er forsterka.

I artikkelen om dogmatikk som samtidsteologi formulerer Gregersen ein av mine hovudmotivasjonar for både dette studiet og denne oppgåva: Teologien si oppgåve er på ei side å beskriva korleis kristendom vert forstått og praktisert i vår samtid. På den andre sida søker den eit språk som er relevant og truverdig for korleis me *kunne* koma til å uttrykkja vår kristne tru. Uttrykket kjem gjennom både ordlaust nærvær, ord og handling i møte med vår samtid si kunnskap om både menneske og natur.³ Svein Riise og Ståle Johannes Kristiansen påpeikar at teologi skal søkja å aktualisera bakgrunnen for ulike idear, til dømes om Gud som skapar av verda, inn i samtida utan at essensen i ideen endrar innhald. Kanskje kyrkjefedrane søkte å bruka mellom anna platonsk språk for å formulera bibelske idear.⁴

¹ Jayne Svenungsson, «Postmoderne teologi», i *Moderne teologi: tradisjon og nytenkning hos det 20. århundrets teologer.*, 616

² Niels Henrik Gregersen, «Resonant selves in ethical and theological perspective: On personhood and identity formation», 396

³ Niels Henrik Gregersen, «Dogmatik som samtidsteologi», 294

⁴ Svein Rise og Ståle Johannes Kristiansen, *Moderne teologi: tradisjon og nytenkning hos det 20. århundrets teologer*

Dei fortset med at teologien skal søkja å formulera seg om tilværet som kan opna opp for menneske si søken etter ei djupare sanning, som i seg sjølv ikkje kan fangast med ord.⁵ Oppgåva søkjer å peika på ei slik sanning ved å sjå på Jesus som inkarnert av Ordet. Målet er å koma til ei sanning som ikkje er avgrensa til kunnskapen ein hadde i då Jesus vart definert som heilt og fullt både guddom og menneske, utan verken samanblanding eller reduksjon av desse to. Dette frå Konsilet i Kalkedon i år 451.⁶

I den tida hadde dei ei forståing av Jesus. Torleiv Austad seier at me må søkja forstå Jesus Kristus i lys av kunnskap og innsikt i vår tid.⁷ Bildet av Jesus er grunnlaget for vår formidling. Dette biletet er normativt. Vår forståing av Jesus legg føringar for kva og korleis me formidlar den kristne budskapet gjennom Jesus Kristus slik at det vert relevant for menneske i vår tid. Austad poengterer at vår forståing og formidling legg føringar for om føremålet med det kristne budskapet når fram. Her med hans ord «at det kristne budskapet kan skape kva det nevner.»⁸

1.2 Problemstilling

Jesus som både menneske og Gud inkarnert, er eit kristent dogme som tradisjonelt har vorte knytt til menneskelivet som ukrenkeleg, seier Harald Hegstad.⁹ Gregersen utvidar tankemåten i dette dogme. Han presenterer ein måte å forstå inkarnasjonen på, som inkluderer heile skaparverket og ikkje berre Jesus eller menneske. Han kallar det djup inkarnasjon. Kva meiner Gregersen med djup inkarnasjon? Korleis forstå inkarnasjonen og formulera den på ein måte som ikkje gjer dogmet til eit hinder mellom folk og Jesus? Kva konsekvensar kan det få for vårt syn på verda og det som er her, dersom me forstår verda med djup inkarnasjon som ståstad?

Menneske har andre erfaringar og utfordringar i vår dualistiske og sekulære tid enn då dogma vart til. Me kan ikkje berre kan gjenta teologien frå farne tider.¹⁰ Med utgangspunkt i ideen om at me alle er skapt til ein relasjon med Gud, så er utfordringa å utforma ein teologi som foreinar abstrakte omgrep med menneskeleg erfaring. Med intensjon om å bidra til dette er

⁵ Rise og Kristiansen.s. 25.

⁶ Ian A McFarland, *The Word Made Flesh: A Theology of the Incarnation*, 2.

⁷ Austad, Torleiv, *Kristologi. En innføring*, 14.

⁸ Austad, Torleiv, 15.

⁹ Harald Hegstad, *Gud, verden og håpet: innføring i kristen dogmatikk*, 112

¹⁰ Sigurdson, Ola, «Radikal ortodoksi», i *Moderne teologi: tradisjon og nytenkning hos det 20. århundrets teologer*, 628–33.

problemstillinga knytt til konseptet djup inkarnasjon. Problemstillinga for denne avhandlinga kan formulerast på fylgjande måte:

«Kva inneber Niels Henrik Gregersen si forståing av inkarnasjon som 'djup inkarnasjon'?

På bakgrunn av dette vil først analysera omgrepet djup inkarnasjon. Så drøftar eg kva Gregersen si forståinga av djup inkarnasjon kan ha å seia for andre teologiske tema. Til slutt ser eg på kva konsekvensar denne forståing til Gregersen kan ha for måten me lever våre liv i relasjon. For å finna ut kva Gregersen meiner med djup inkarnasjon vil eg nytta eit utval av kjelder.

1.3 Figurant og materiale

Kjeldene knytt til djup inkarnasjon er mange, men fyrst presenterer eg figuranten i oppgåva mi: Niels Henrik Gregersen har vore hovudkrafta bak utviklinga av forståinga av omgrepet djup inkarnasjon, noko Joseph Lenow stadfestar.¹¹ Niels Henrik Gregersen er professor i systematisk teologi ved universitetet i København. Han har ei rekkje publikasjonar sidan 1988, teke del i ulike forskingsinstitusjonar, organisert ei rekkje konferansar og motteke stipend og prisar for sitt arbeid.¹²

Fyrste gongen Gregersen skreiv om djup inkarnasjon var i 2001. Så fekk dette omgrepet ei tid i inkubasjon der det var gjenstand for drøfting mellom ulike teologar rundt Gregersen. Dette resulterte i utvikling, presisering og teologisk grunngjeving, særleg frå 2009 til 2013.¹³

Gregersen var sentral i eit seminar der temaet 'Kristus og kosmos i lys av inkarnasjonen' vart formulert i dette spørsmålet: «Is God incarnate in all that is?» På dette seminaret i 2011 fekk omgrepet ei grundig utarbeiding av ei rekkje ulike aktørar mellom anna knytt til den katolske, anglikanske, ortodokse og reformerte tradisjonen, seier Gregersen sjølv.¹⁴ på side x. Seminaret resulterte i boka: *Incarnation. On the scope and depth of Christology* (2015). Her er han både redaktør og bidragsytar.¹⁵ Han har skrivne mange artiklar om temaet både før og etter denne boka kom ut. Joseph Lenow skreiv ein artikkel i 2018 der han har gått gjennom Gregersen sine

¹¹ Joseph Lenow, «Christ, the Praying Animal: A Critical Engagement with Niels Henrik Gregersen and the Christology of Deep Incarnation», 555.

¹² Jakob Wolf, «Systematic Theology Section»

¹³ Lenow, «Christ, the Praying Animal», 559-560.

¹⁴ Gregersen, Niels Henrik, red., *Incarnation: On the Scope and Depth of Christology*

¹⁵ Gregersen, Niels Henrik.

artiklar og diskusjonar knytt til djup inkarnasjon. Eg nyttar dette arbeidet i min analyse av omgrepet.

Oppgåva er verken ein fullstendig analyse av Gregersen sitt forfattarskap eller av hans arbeid knytt til djup inkarnasjon. Materialet er eit utval av artiklar. Eg startar med den frå 2001: *The Cross of Christ in an Evolutionary World*. Der presenterer Gregersen omgrepet djup inkarnasjon for fyrste gong.

I fylgje Lenow er det i den omtala utviklingsfasen frå 2009 til 2013 at omgrepet får ei grundig teologisk forankring i Bibelen, kyrkjefedrane og mellomalderteologien. Ein av artiklane frå denne perioden som inneheld sentrale element i grunnlaget for djup inkarnasjon er *Cur deus caro: Jesus and the Cosmos* frå 2013.¹⁶ Eg går gjennom delar av denne fordi den utdjupear ulike grader av å forstå inkarnasjon.

I boka som kom ut i 2015 : *Incarnation: On the Scope and depth of Christology* nyttar eg eitt av Gregersen sine eigne kapittel, *Deep incarnation: Opportunities and Challenges* fordi dette oppsummerer og reformulerer djup inkarnasjon i klartekst i høve til ulike teologiske tema, noko Lenow stadfester.¹⁷

Til slutt vil eg sjå på to av dei seinare artiklane hans. Der er fokuset på det enkelte individ fordi dette kan sei noko om korleis djup inkarnasjon kan vera relevant for kvart enkelt menneske sin identitet: *Resilient selves: A theology of resonance and secularity*, 2020 og *Resonant selves in ethical and theological perspective: On personhood and identity formation*, 2021.¹⁸

Ved å velja artiklar over ein tjuetårs periode vil det kunne vera grunnlag for å sjå utviklinga av omgrepet. Grunna omfanget av oppgåva er det kun delar av dei utvalde artiklane eg nyttar i analysen. Der det er relevant vil eg òg visa andre bidragsytarar og til anna arbeid av figuranten for å belysa innhaldet i dette omgrepet i systematisk teologi.

¹⁶ Lenow, «Christ, the Praying Animal», 561.

¹⁷ Lenow, 569.

¹⁸ Niels Henrik Gregersen, «Resilient Selves: A Theology of Resonance and Secularity».

1.4 Systematisk teologi

I kristen dogmatikk er det kyrkja si lære som er i fokus, ikkje eg og mi tru.¹⁹ Dogmatikken høyrer heime i systematisk teologi, her med mitt utgangspunkt i den lutherske kyrkja. Det høyrer likevel med til teologien å uttrykkja kritikk til kyrkja si lære, skriv Harald Hegstad.²⁰ Dogmatikken har eit dobbelt oppdrag. 1) Den skal heilskapleg uttrykkja den kristne trua med utgangspunkt i den treeinige Gud som skapar, frelsar og fullendar. 2) Den skal visa korleis menneska si livserfaring fell innanfor utgangspunktet, stå inne for dette og visa korleis denne tolkinga kan vera sann, her viser Hegstad til Gravem.²¹ Teologi som akademisk fag byggjer både på føresetnaden i den religiøse tradisjonen og diskuterer desse føresetnadane med all anna kunnskap om tilværet.²²

Austad skriv at systematisk teologi skal arbeida med ei heilskapleg framstilling av kristen tru. Likevel ser me på enkeltdeler av denne som til dømes skaping, inkarnasjon eller frelse. Desse må sjåast utifrå samanhengen, samstundes som heilskapen må sjåast i samheng med delane. Teologisk konstruksjon er å drøfta dette saman med Bibelen, kyrkjehistoria og den konkrete situasjonen me er i. Hovudoppgåva er å tolka den kristne trua for menneske i dag.²³

Sidan språk, kultur, teknologi, samfunnsstrukturar, vitskap om både menneske og natur er i utvikling vil sjølvsagt den systematiske teologien og dermed formulering og forståing av dogme vera i utvikling, poengterer Austad.²⁴ Sidan faget byggjer på føresetnaden om den religiøse tradisjonen og mytiske forteljingar i Bibelen, så reiser det seg spørsmål om kva metode eg kan nytta for å kasta ljøs på inkarnasjonen. Naturvitskapleg metode høver ikkje på dette området.

1.5 Metode

Som eit alternativ til naturvitskapleg eller empirisk metode er den hermeneutiske metode. Gadamer har stått i bresjen for utvikling av denne metoden som er godt eigna for humanistiske fag som teologi. Forståing av noko kjem alltid utifrå ulik forkunnskap og aldri frå null.²⁵ Alt me ser og erfarer, gjer me gjennom våre tidlegare erfaringar, kunnskap og haldingar. Enten me

¹⁹ Hegstad, *Gud, verden og håpet*, 14.

²⁰ Hegstad, 18.

²¹ Hegstad, 18; Peder Gravem, *Livstolkning*, 269.

²² Hegstad, *Gud, verden og håpet*, 17.

²³ Austad, Torleiv, *Tolkning av kristen tro: metodespørsmål i systematisk teologi*, 32–33.

²⁴ Austad, Torleiv, 36.

²⁵ Austad, Torleiv, *Kristologi. En innføring*, 14.

er medvitne om våre innebygde briller eller ei, så fargar det vår forståing og tolking av det me studerer. Det er dermed eit poeng å vera så medviten og open om vårt blikk, når me skal studera ein teolog eller eit tema, at det kan diskuterast i ettertid.²⁶ Det er ikkje mogeleg for teologar å vera nøytrale, me må søkja ei sjølvkritisk haldning.²⁷ Difor finn eg det naturleg å sei litt om min bakgrunn og mitt blikk på tru og teologi generelt og deretter om Gregersen og djup inkarnasjon spesielt.

Eg voks opp med høgtlesing frå bibelen, men utanfor eit vedkjennande kristent fellesskap. Med ei tru på ein Gud, med Jesus som førebilete, med studiar innan naturvitskap og eit syn på kristne dogme som mytiske forteljingar var det med lette eg oppdaga ein av dei sentrale teologar i det 20. hundreåret, R. Bultmann.²⁸ Hans avmytologiseringsprogram skil mellom å forkynna at Jesus møter oss i kerygma, det vil seia «i budskapet om Kristi nærvær her og nå» og mytiske forteljingane om jøden Jesus.²⁹ Dette har gjort det enklare for meg å forhalda meg til dei mytiske tekstane.

I systematisk teologi handlar det nemleg om å forstå kristen tru i pakt med kjeldene og på ein slik måte at det treff folk i deira livssituasjon.³⁰ Dette legg føringar for denne teologiske og akademiske oppgåva med blikk på samtidssteologen Gregersen.

Det var vanskeleg å forstå djup inkarnasjon fyrste gongen eg las om det. Likevel var det nokre element som tala til meg. Mellom anna det vide omfanget av korleis ein kan forstå omgrepet 'sarx', at inkarnasjon ikkje berre er avgrensa til Jesus eller menneske og heller ikkje berre dyr og levande vesen, men alt som eksisterer.³¹ No har eg lese fleire artiklar som har kome ut både før og etter denne. Eg har nok vorte sjarmert av tonen mellom debattantane. Dei teologiske implikasjonane djup inkarnasjon kan få for folk og kyrkja med ei slik forståing har skapt håp.

Eg merkar at eg, med mi etter kvart positive innstilling til Gregersen sin teologi, får lyst å framsnakka denne tolkinga av inkarnasjonen. Dette gjeld ikkje berre sjølvne tolkinga, men òg

²⁶ Austad, Torleiv, *Tolkning av kristen tro*, s. 16.

²⁷ Austad, Torleiv, s. 171.

²⁸ Alister E. McGrath, *Christian Theology: An Introduction*, 326.

²⁹ Austad, Torleiv, *Kristologi. En innføring*, 48; Jan-Olav Henriksen og Svein Aage Christoffersen, *Religionens livstolkning: innføring i kristendommens religionsfilosofi*, 93.

³⁰ Austad, Torleiv, *Tolkning av kristen tro*, 93.

³¹ Gregersen, Niels Henrik, «The Extended Body of Christ: Three Dimensions of Deep Incarnation», i *Incarnation. On the Scope and Depth of Christology*, 228

arbeidet som denne tolkinga byggjer på både i høve bruk av bibel og tradisjon. Det problematiske her, er at eg kan oversjå og ikkje vilje sjå manglar ved den aktuelle teologien.

Eg ser på denne artikkelen med ei forforståing. Den er annleis no enn fyrste gongen eg las den. Som teolog må eg vera sjølvkritisk i mitt møte med teksten slik at den som lesar denne oppgåva lettare kan diskutera min analyse og vurderingar av Gregersen sin teologi knytt til djup inkarnasjon. Ord i materialet, oppgåva, i bibelen, tradisjonen eller ord for erfaringar er tolkingar. Desse tolkingane skapar eit grunnlag for tolkingar. Ulike ord og resonnement kan tolkast på ulikt vis, med ulike mål og med ulik forforståing. Studiet av slik tolking kallast 'hermeneutikk'.

For å utføra denne tolkinga er tekstanalyse brukt som metode. Det handlar om å finna ut kva forfattaren trur og meiner om eit tema og kva vedkomande vil formidla. Austad forklarar at hermeneutikk kjem av det greske ordet *hermeneia* og latinske *interpretatio* og tyder ofte *læra om kva me forstår*. Denne er grunnleggande for å tolka skriftlege livsuttrykk og til å utvikla ein høveleg fortolkingsteori. «Dette er vesentlig i teologien, hvor det gjelder å forstå, forklare, oversette og aktualisere en trosverlevering-», seier Austad.³² Å leggja sitt eige meningsinnhaldet i eit omgrep samsvarer ikkje automatisk med andre si tolking av ordet, enten det er noverande eller tidlegare forståing av ordet.³³ Det kjem an på om me prøver å finna tydinga til dei som fyrst skreiv det, til dei som overleverte og omsette tekstar og korleis me kan forstå det i vår tid.³⁴

Inkarnasjon er ikkje eit fenomen, men eit dogme som kan kasta lys på fenomenet Gud. Edith Stein minner oss om å skilja mellom fenomena og vår erfaring og tanke om fenomena.³⁵ Mi von er at djup inkarnasjon kan kasta ljøs på fenomenet Gud. Uansett kva omgrep me nyttar så må desse definerast for å kunna formidla eit sakleg innhald.

For å kunne nytta den hermeneutiske metode på meningsfullt vis, må det liggja til grunn ei klar forståing av omgrepa som er brukt til å tolka teksten. I teologien søker me å forklara, forstå og formidla deler av tilværet som er i grenseland av- og endåtil utanfor vår fatteevne. Då er det

³² Austad, Torleiv, *Tolkning av kristen tro*, 16.

³³ Austad, Torleiv, 16.

³⁴ Austad, Torleiv, 156–58.

³⁵ Møller, Tor Martin, «Edit Stein», i *Moderne teologi*, 646.

stor fare for at me går oss vill i skogen av omgrep eller ulik tolking av omgrepa. Her er fleire utfordringar. Gud, det fenomenet me søkjer å forhalda oss til med våre mentale og intellektuelle kvalitetar, høyrer kanskje til ein dimensjon av tilværet som ikkje let seg så lett systematisera og fanga i ord og omgrep. Litt som det er uråd å forklara korleis eit musikkstykke som igjen og igjen treff nokre strenger i oss, og resonnerer med vårt indre, medan andre gonger treff det ikkje. Me kan sei at musikken treff oss på naturleg vis utan at me kan forstå eller forklara det.

Luther kritiserte akademiseringa av naturleg teologi, men tok ikkje avstand frå Gud sitt nærvær i naturen. Med Gregersen sine ord: «Denied was the scholastic program of a natural theology, but not the creative presence of God in nature, nor the widespread awareness of God's presence in nature.»³⁶ Her kjem eit nytt problem på banen, omsetjing frå engels til norsk. Orda *presence* og *awareness* er ikkje det same som *nærvær*, i mangel på meir presise omgrep nyttar eg *nærvær* for begge. Eit anna poeng her, vår identitet kan vera knytt til omgrepa av fenomena me analyserer. Dette vil kunne prega i kva grad analysen er sakleg og omgrepa definert.

Eintydige og klare definisjonar er grunnlaget for ein reel samtale og utvikling i teologien, samstundes som dei må vera runde nok til å omfatta det som orda søkjer å setja ord på. For å unngå eit skin av å vera einig eller ueinig, forstå eller ikkje forstå, vil eg definera ein del av omgrep eg nyttar. Definisjonane vil enten vera på grunnlag av kva eg oppfattar Gregersen meiner eller nytta andre kjelder. Så til korleis eg har bygd opp oppgåva.

1.6 Oppgåvestruktur

For å tolka og forstå materialet, har eg lagt opp til ulike deler med analyse og drøfting til slutt. I kapittel to gjev eg eit innblikk i korleis ideen om inkarnasjon tradisjonelt har vorte forstått innan kristen teologi.

Kapitla tre til seks analyserer omgrepet djup inkarnasjon. Det startar med nokre definisjonar før eg ser på kva som var fokus til Gregersen i 2001.

Fjerde kapittel viser til ein periode med fruktbar utvikling av dette omgrepet. Her lagar Gregersen eit konseptuelt kart over ulike former for inkarnasjon.³⁷

³⁶ Niels Henrik Gregersen, «The cross of Christ in an evolutionary world», 195.

³⁷ Niels Henrik Gregersen, «Cur deus caro: Jesus and the Cosmos Story», 384.

Med det femte kapittelet er spørsmålet korleis djup inkarnasjon påverkar eller bidreg til nye horisontar med forståing. Inkarnasjonen er eit kristent dogme som må sjåast i samanheng med andre dogme, Bibelen og kyrkjeehistorie.

I det sjette kapittelet løftar me blikket og ser på kva djup inkarnasjon kan bety for identitet både innanfor og utanfor kyrkja.

Drøftinga er lagt til kapittel sju og åtta. Med utgangspunkt i analysedelen, drøftar eg mine funn.

Til slutt vil eg i kapittel ni summerer eg opp kva eg har gjort og funne ut i oppgåva og visa konklusjonen i høve til problemstillinga.

I det innleiande kapittelet gjorde eg greie for bakgrunn, motivasjon, metode, materiale, problemstilling og struktur i oppgåva. Det neste kapittelet gjer eg kort greie for korleis dette dogmet er forstått i den Lutherske tradisjonen.

2 Inkarnasjon tradisjonelt forstått

Spørsmål om kva inkarnasjonen er, korleis vår forståing av den pregar vårt syn på verda og korleis vårt syn på verda har prega vår forståing av inkarnasjonen, har vore gjenstand for drøftingar i lange tider.

Både Bibelen og tolkingstradisjonen gjev grunnlaget for det kristne teologiske meiningsinnhaldet for inkarnasjonen. Den er sterkt knytt til johannesprologen (Joh 1, 1-14) som på poetisk vis introduserer Jesus som Ordet, den einaste ungen til Gud. Den som viser oss kven Gud er.³⁸ «Og Ordet vart menneske og tok bustad mellom oss.» Joh 1,14. Omgrepa ‘Ordet’ og ‘menneske’ er hermeneutisk interessante her. Torleiv Austad gjev ei innføring i korleis me kan forstå desse orda og tolka inkarnasjonen, nokre av poenga hans fylgjer.

Ordet for ‘menneske’ er det greske ordet ‘sarks’ som betyr kjøt, medan ordet ‘Ordet’ her viser til Gud sin son som «var hjå Gud» og «var Gud» (Joh 1,1). Gud ikledde seg altså kjøt. Det latinske ordet *incarnatio* er samansett av *in* = i og *caro* = kjøt som på norsk vert *ikjøting*.³⁹ Det greske ordet ‘Ordet’ hadde i den greske samtida ei vidare tyding enn Gud. Alister E. McGrath

³⁸ Hanne Birgitte Sødal Tveito, «Innledning til Johannes», i *Studiebibelen*

³⁹ Austad, Torleiv, *Kristologi. En innføring*, 61.

viser til kyrkjefaderen Justin Martyr (ca. 100 – ca. 165) sin bruk av ‘Ordet’, altså ‘Logos’ som var eit filosofisk omgrep. Det vart brukt som den suverene kjelda for all menneskeleg kunnskap.⁴⁰

Kjelda var tilgjengeleg både for kristne og heidningar, men kristne såg seg sjølv til å ha fullstendig tilgang til denne kjelda i motsetning til heidningane sin avgrensa tilgang. Det er hevda at Martyr omtala og forklarte Jesus på ein slik måte at han balanserte og kombinerte både den jødiske lova Torah og Logos.⁴¹ Det er Logos, denne kjelda til all kunnskap, som trer inn i verda. Austad poengterer at sjølv om johannesprologen (Joh 1,1-14) er sentral i forståinga av inkarnasjonen, så viser han til fleire andre bibelvers som seier noko om korleis me kan forstå Jesus som Gud inkarnert.⁴² Han viser til eit vers frå brevlitteraturen. Vi er Gud sine born. «... Vi veit at når han openberrar seg, skal vi bli like han, for vi skal sjå han som han er.» (1 Joh 3,2) Det ikkje berre bibelen som er kjelda til fortolking. Tolkingsstradisjonen har òg bidrege til vår forståing.

Slik eg forstår Austad er inkarnasjonen sjølv kjernen i at urkyrkja vedkjente seg til Jesus Kristus som Herre og Frelsar. Det at Gud ikkjøta seg og vart ein fysisk kropp betyr at det evige og personifiserte Guds Ord gjorde seg til eitt med vår menneskelege natur, ikkje berre individet Jesus.⁴³ Ein kunne følgja Jesus med ein adoptiansk kristologi, som går ut på at Jesus var eit heilt vanleg menneske til han vart døypt og ‘adoptert’ av Gud gjennom dåpen. Vår tradisjon byggjer på *inkarnatorisk* kristologi ved at oldkyrkja vedtok at Sonen er av same vesen som Faderen og er frå evig tid.⁴⁴ «I opphavet var Ordet, Ordet var hos Gud, og Ordet var Gud.» (Joh 1,1).

Det at Ordet var Jesus og at Ordet var Gud gjer det tydeleg at Jesus er Gud og dermed ikkje skapt, men del av den/det/dei som skapte verda. Dette er tydeleg uttrykt i Den nikenske truedkjenninga: «Vi trur på éin Gud, den allmechtige Far, ... Vi tru på éin Herre, Jesus Kristus, Guds einborne Son, fødd av Faderen før alle tider, Gud av Gud, ljøs av ljøs, sann Gud av sann Gud, fødd ikkje skapt, av same vesen som Faderen. Ved han er alt skapt.»⁴⁵

⁴⁰ McGrath, *Christian Theology*, 273.

⁴¹ McGrath, 273.

⁴² Austad, Torleiv, *Kristologi. En innføring*, 61.

⁴³ Austad, Torleiv, 61.

⁴⁴ Austad, Torleiv, 61–62.

⁴⁵ «Den apostoloske truedkjenninga» (Den norske kirke, u.å.).

Oskar Skarsaune viser til fleire vers frå GT som underbyggjer tanken om at Kristus var med å skapa verda. Han var ikkje berre med å skapa, det var ved han at verda vart skapt. Skarsaune koplpar omtale av Visdomen til Jesus Kristus slik at me kan forstå det som at det var ved Kristus, som Visdom og skaparkraft, at Gud skapte verda.⁴⁶ Dermed vert Jesus sett, ikkje berre som inkarnert frå fødsel til død, men som eit uttrykk for Kristus- ein guddommeleg eksistens frå æva til æva.

Alister skriv at me søker me å plassera Jesus som inkarnert i eit mentalt kart med ulike dimensjonar frå måten me forstår verda på. Her er ulike aksar med tid- kronologisk versus æva, menneskeleg versus guddomleg, konkret versus universelt.⁴⁷ Det vart tidleg usemje om korleis ein skulle forstå kven Jesus var, ikkje berre kva han sa og gjorde. Nokre meinte han var eit alminneleg menneske, slik som alle andre menneske med ei mor og ein far som menneskelege foreldre. Andre meinte at han var Gud og berre var tilsynelatande eit menneske. Ingen av desse syna fekk særleg støtte og vart dermed definert som kjettersk.⁴⁸

Den klassiske kristne forståinga av Jesus frå Nazareth er samanfatta i omgrepet inkarnasjonen og tonaturlæra.⁴⁹ Med konsilet i Kalkedon, slo ein fast tonaturlæra med ei formulering av at Jesus er både sann Gud og sant menneske utan forminking av nokon av delane eller samanblanding av dei. Denne har dei fleste kristne konfesjonane helde fast på. I seinare dialogar med kyrkjesamfunn som ikkje har vedkjent seg konsilet i Kalkedon, har det fungert som eit samlande dogme i innhaldet om Jesus som sant menneske og sann Gud, men med ulik ordbruk.⁵⁰

Korleis me forstår orda me brukar har innverknad på korleis me forstår og opplever meiningsinnhaldet i orda. Det same gjeld om ein ser Jesus ovanfrå eller nedanfrå. Inkarnasjon sett ovanfrå som at Gud sendte son sin til verda og vart menneske lik er kristologi 'ovanfrå'. Austad skriv at dette må kombinerast med å ha den inkarnerte i sentrum, å sjå den inkarnerte 'nedanfrå'.⁵¹

⁴⁶ Oskar Skarsaune, *Inkarnasjonen - myte eller faktum?*, 23–25.

⁴⁷ McGrath, *Christian Theology*, 265.

⁴⁸ McGrath, 273.

⁴⁹ McGrath, 265.

⁵⁰ Hegstad, *Gud, verden og håpet*, 139–40.

⁵¹ Austad, Torleiv, *Kristologi. En innføring*, 16–17.

Henriksen og Christoffersen poengterer at inkarnasjonen som at Gud stig ned frå himmelen og trer inn i verda høver i verdsbilete frå farne tider. Der var jorda ein stad mellom himmel og helvete. Menneska vert utsett for kampen mellom Gud og jævelen. Dette var ikkje noko særeige kristent, men ein måte å sjå verda på som var felles for folk på den tida. Å ha halda fast på denne måten å sjå verda på vil vera intellektuelt uærleg.⁵²

Frå å ha sett på inkarnasjon i tradisjonell forstand, flyttar me blikket til kva Gregersen meiner.

3 Gregersen sitt syn på djup inkarnasjon

Gregersen byr opp til ei ny, eller kanskje ikkje så ny, forståing av inkarnasjonen. I dei neste kapitla er det Gregersen sitt perspektiv på inkarnasjon som er tema. I dette kapitlet gjev eg først eit innblikk i sentrale punkt når det gjeld Gregersen sitt syn på djup inkarnasjon. Deretter viser eg korleis han i startar omgrepet i artikkelen frå 2001.

Gud sitt nærvær er òg i smerte, lidning og død, det betyr *ikkje* at Gud *er* hendingane som fører til dette, som til dømes eit jordskjelv eller ei valdtekt. Gregersen held vidare fram at Kristus er klart til stades i alt som er, inkludert det som var før Jesus vart fødd. Nærværet er vidare i all natur og i alle kulturelle områder utanfor kristendom, som er éin tradisjon i historia.⁵³ Den systematisk teologiske motivasjonen for Gregersen har vore å utvikla ein måte å forstå inkarnasjon på som er i samsvar med kunnskapen i vår tid, om korleis verda fungerer.⁵⁴

Gregersen spør korleis me kan ha ein teologi som tek innover seg at smerte i evolusjonens gang ikkje kjem av at menneske har synda, men frå naturleg utval.⁵⁵ Han tek utgangspunkt i den inkarnerte og krossfeste Jesus for å seia noko om korleis Gud verkar i verda generelt og særleg i høve det nådelause i smerte og sjukdom som alt skaparverket er utsett for.⁵⁶ Kva meiner så eigentleg Gregersen med djup inkarnasjon?

Djup inkarnasjon er det synet at Gud sitt eige Ord tek bustad i Jesus, slik at Kristus på ein omfattande måte inngår i det konkrete mennesket Jesus, jøden frå Nazareth og at Ordet

⁵² Henriksen og Christoffersen, *Religionens livstolkning*, 94.

⁵³ Gregersen, Niels Henrik, *Incarnation*, 2.

⁵⁴ Lenow, «Christ, the Praying Animal», 555.

⁵⁵ Gregersen, «The cross of Christ in an evolutionary world», 192.

⁵⁶ Gregersen, 192.

samstundes vart sameina med alle vesen og alt som eksisterer.⁵⁷ Ein konsekvens av at dette er at Ordet utset seg for føresetnadane som all materie, levande og ikkje levande eksisterer i. Det betyr at ein både deler lagnad med alt som er, samstundes som at lagnaden til alt som er- er heilaggjort. Det gjeld dei biologiske føresetnadane som vekst og rotning av gras og liljer.

Ordet kjenner smertene til sporv og rev frå innsida. Djup inkarnasjon føreset å ta den radikale forma til alt som eksisterer.⁵⁸ Kva betyr å ra den radikale forma? Ordet radikal kjem frå latin «radix» som betyr rot.⁵⁹ Så å ta ei radikal form betyr å gå til kjernen eller rota av noko, ta det heilt og full innover seg. Gregersen skriv at inkarnasjonen er det guddommelege som kroppsleggjer seg inn i rota til all biologisk eksistens og at Kristus sitt skapande nærvær er i botnen av universet.⁶⁰

Her er fleire omgrep som kunne hatt nytte av å verta definert med føremål om å bidra til klargjering og ikkje forkledning av det Gregersen søkjer å formidla. «Gud» ser eg som eit fenomen, ein røyndom, som me gjennom dogma søkjer å forstå, forklara og forhalda oss til. Gregersen ser Gud som Faderen, Sonen og Heilaganden, medan «Jesus» er den konkrete, historiske personen som levde i om lag 30 år for 2000 år sidan. «Kristus» verkar å vera synonymt med Sonen i Den treeinige Gud.⁶¹ Kva som er samanheng og skilnad mellom Kristus, Logos og Ordet er meir uklart for meg. Gregersen gjev uttrykk for at Gud sitt Logos (Ord eller Visdom) vart kjøt og blod i Jesus Kristus.⁶²

Når det gjeld «liv», forstår eg han slik at det er glidande overgangar i kva grad noko er materie eller levande. Me og eincella organisamer er bygd opp av det same uorganiske, ikkje levande materialet. Desse vekslar mellom å vera del av noko levande og ikkje levande.⁶³ Når det gjeld «lagnad» i denne samanhengen, ser eg det meir som livets gang slik det utfaldar seg, enn noko som er guddommeleg bestemt på førehand. Heilaggjort forstår eg her som eit anna ord for at

⁵⁷ Gregersen, Niels Henrik, «The Extended Body of Christ», 251.

⁵⁸ Gregersen, Niels Henrik, 225–26.

⁵⁹ Sigurdson, Ola, «Radikal ortodoxi», 631.

⁶⁰ Gregersen, «Cur deus caro», 375.

⁶¹ Gregersen, 375.

⁶² Gregersen, 375.

⁶³ Gregersen, «The cross of Christ in an evolutionary world», 198.

Ordet er inkarnert. Dette er usikkert, det kan kanskje bety grunnlaget for frelse. Men no, attende til starten av dette omgrepet.

3.1 Djup inkarnasjon via Luther og Darwin

Luther og Darwin er omdreingspunkt i starten av djup inkarnasjon i artikkelen: *The Cross of Christ in an Evolutionary World*. Djup inkarnasjon var eigentleg ikkje føremålet med artikkelen, men eit resultat frå problemstillingar knytt til naturleg teologi, synd og lidning.⁶⁴ I starten var han oppteken av utfordringane med å forsvare Gud sin godleik i lys av all død og elende i verda. Gregersen poengterer sjølv ei endring i sitt fokus på å utvikla forståinga av inkarnasjonen.⁶⁵ Omgrepet har gjennom ein seinare debatt vorte presisert og revidert.

Gregersen hevdar at Kristus sitt nærvær i oss er sameint *med* oss. Både kven som er dette 'oss' og kva det betyr å vera sameint, er vonleg tema som Gregersen kjem attende til med presisering. Her med hans referanse til Luther: «...that the presence of Christ with us, *in nobis*, includes a unity with us, *unum cum nobis*.» Luther avgrensa dette rettnok til kun å gjelda tilhøvet mellom Kristus og den som trur på Kristus.⁶⁶ Det er på dette området Gregersen vil rekonstruera Luther sin korsteologi, både når det gjeld kven som er inkarnert og at lidinga ikkje er Gud si straff, men at Gud faktisk lir saman med dei inkarnerte.⁶⁷

Når det gjeld naturleg teologi er det ikkje trong for rekonstruksjon, meiner Gregersen, men heller å sjå heilskapen i Luther sine poeng. Naturleg teologi er tanken om at menneske både naturleg og gjennom naturen kan sansa og kanskje forstå Gud sitt nærvær. Dette vart ofte forkvakla til å verta sjølvrettferdiggerande som glorifiserande teologi, noko som Luther var sterkt i mot.⁶⁸ Gregersen fortset med at Luther dermed heldt fast på krossens teologi, det er gjennom Jesus at me kan sjå kven Kristus er.

Gregersen viser til ei vanleg, men upresis tolking av Luther. Luther skreiv rettnok, i tese 19-21 i sin disputas i Heidelberg i 1518, mellom anna at dei som søker det uhandgripelege Guddomelege i Guds handgripelege skaparverk er ikkje verdige å kallast teologar. Han var

⁶⁴ Niels Henrik Gregersen, «Deep incarnation: From deep history to post-axial religion», 72.

⁶⁵ Gregersen, «Cur deus caro», 376.

⁶⁶ Gregersen, «The cross of Christ in an evolutionary world», 204.

⁶⁷ Gregersen, 192.

⁶⁸ Gregersen, 193.

vidare konsekvent i å kopla saman dei som søker Gud ved eige sinn og resonnement saman med dei som søker rettferdigging ved eigne handlingar.⁶⁹ Så langt er det lett å ta Luther til inntekt for å ta avstand frå fok sine evner eller ynskje eller opplevingar av å erkjenne Gud sitt nærvær ved sitt eige sinn og sansar, og gjennom naturen.

Gregersen opnar opp dette synet på Luther i det han kritiserer Walter von Loewenich sitt arbeid *Luther's Theology of the Cross* i 1929. Luther tok nemleg ikkje avstand frå den naturlege og gudgitte kunnskapen om Gud, som kvart enkelt menneske kan søkja.⁷⁰ Gregersen viser til Romarbrevet 7,12 og 1Mos 1,31 samt til Luther si tese nummer 24 om at det er menneske sitt misbruk av lova som er problemet, derfor treng menneske krossens teologi.⁷¹

Luther har ikkje noko i mot erfaring av Gud gjennom skaparverket, men seier tvert imot at Gud møter oss gjennom skaparverket i kvardagen og søker våre hjarte gjennom vårt syn og våre sansar. Her er Luther med Gregersen sine ord: «...the creative Word of God (that is, Christ) is present in the world creation and speaks to us as a living Bible.»⁷² Det at Kristus er sameint med skaparverket og at Gud er å finna gjennom eigne sansar er altså ikkje ein heilt ny tanke.

Luther tok derimot avstand frå den lovteologien som hevda at folk kunne nå frelsa ved eigne gode handlingar og ved å lojalt fylgja lova. Han tok ikkje avstand frå den naturlege teologien. Gregersen presiserer at Luther tok avstand frå formaliseringa av naturleg teologi, men at han faktisk såg hage og heim som ein Bibel der Gud søker våre sansar med sitt skapande nærvær.⁷³ Her ser det ut som han finn støtte hjå Luther for djup inkarnasjon: Det er guddommeleg nærvær i skaparverket.

3.2 Kven inkarnerer seg?

Kven er det som vert inkarnert i Jesus? Gregersen ser til Bibelen for å sjå korleis Gud er i interaksjon med det skapte. I skapinga velsignar Gud sitt skaparverk og gjev sin kreativitet vidare til det kjære Gud skapte. På same viser meiner han at Gud viser seg som passiv

⁶⁹ Gregersen, 193.

⁷⁰ Gregersen, 193.

⁷¹ Gregersen, 194.

⁷² Gregersen, 195.

⁷³ Gregersen, 195.

uthaldande på krossen. Berre Heilaganden, som Gud si utstrekke kraft, makta å overkoma lidinga til Gud ved å sameina Sonen med Faderen.⁷⁴

Gregersen formulerer dette ved at kun den som er stor i seg sjølv, kan tola å verta ein tenar utan å mista seg sjølv; slik strekkjer Gud seg inn i skaparverket og vert den allstادنærverande krafta bak alt. «Only the true sovereign can afford to be servant without losing oneself; yet only by being a servant can God reach to the depth of creation and can be the omnipresent ruler of all.»⁷⁵ Dette gjev eit bilete av ein Gud som viser omsorg for og glede for det skapte. I krossfestinga mistar Faderen Sonen og Sonen mistar Faderen. Gregersen gjev vidare ei forklaring på kopling mellom dei tre personane i Den treeinige Gud. Det er Heilaganden som attreiser og sameinar den døde Gud på krossen med den levande Gud.⁷⁶ Det er nemleg Gud som er nærverande i Jesus og som lir både fysisk og psykisk.

«Min Gud, min Gud, kvifor har du forlete meg?» er ikkje ein kamp mellom to naturar som menneske og guddom, meiner Gregersen. Spørsmålet skal vera: Kor omfattande er Gud? Det handlar meir om at Gud har ulike former eller kvalitetar som gjevar og takar av liv, som makthavar og makteslaus.⁷⁷ Dette er ei interessant og viktig vinkling som overgår dilemmaet frå Kalkedon om i kva grad Jesus var menneske eller guddom. Det er altså ikkje motsetnader mellom Gud som sonen og Gud som Faderen. Gud som skapar og Gud som det skapte. Dette gjev ikkje meining.

Gregersen meiner at det ikkje er skilnad mellom skapar og det skapte, livgjevar og døande. Gregersen meiner det er gjennom Ordet eller Vidsomen at Gud viser seg som den krossfeste og konkluderer: det er Gud som er inkarnert og det er Gud som dør gjennom Kristus på krossen.⁷⁸ Det er Gud som inkarnerer seg.

⁷⁴ Gregersen, 203.

⁷⁵ Gregersen, 203.

⁷⁶ Gregersen, 203.

⁷⁷ Gregersen, 202.

⁷⁸ Gregersen, 203.

3.3 Kven eller kva er inkarnert?

Når det gjeld kven eller kva som vert inkarnert, så tek Gregersen nokre steg vidare frå Luther si avgrensing om at Kristus relaterer kun til dei som trur på Kristus.⁷⁹ For det fyrste ser han Gud som lidande, død og oppstanden gjennom Jesus. Det er faktisk Gud som lir og dør på krossen.⁸⁰ Det frelsande nærværet til den krossfeste Gud gjeld ikkje berre Jesus, men liding og død til både menneske og dyr.

Det at det skapte får ha dette Kristusnærværet av den livgjevande anden til Gud og at Gud opplever lidinga i skaparverket, kallar Gregersen for ‘the happy exchange’.⁸¹ Poenget her er at det var ikkje berre Jesus som vart inkarnert. Heller ikkje berre menneskeslekta som er sårbar for liding, forfall og død. Menneske og dyr høyrer til naturen, som det er laga av og lever av og er i konstant utveksling med miljøet ein lever i. Me er i relasjon til naturen.

Det er Gud sin natur å dela, gje vidare for andre å oppleva lyset. Akkurat slik som det høyrer til lyset, nettopp det å lysa opp. Gud kan ikkje anna enn å innvilga liv, glede og vågemot til alle og ein kvar som er foreina med Kristus. Gregersen fortset «The reality of God is in this respect contagious that it makes God-like while preserving (not annihilating) the creatures that are absorbed into the unity with God. What is annihilated is sin, what is preserved yet transcended is the essence of the creature.»⁸² Så i fylgje Gregersen, er Gud i røynda smittsam. Gud tek vare på skapningane som er tekne inn i sameining med Gud, heller enn å utsletta dei. Det er synda som er sletta. Kjernen i skapningane, rett nok heva over sanse- og røynsleverda, held fram.

Med desse perspektiva på inkarnasjon stig det fram nokre spørsmål. Kva meiner Gregersen med synd, kjerne (*essence*), halda fram (*preserved*), sletta (*annihilated*) og heva over sanse- og røynsleverda (*transcended*)å? Eg kan ikkje sjå at Gregersen søkjer å utdjupa noko av dette i denne omgang. Han har derimot sagt at med si forståing av djup inkarnasjon så er både Jesus, menneske i alle tider, alle dyr, planter og alt anna i skaparverket inkarnert.

⁷⁹ Gregersen, 205.

⁸⁰ Gregersen, 193.

⁸¹ Gregersen, 205.

⁸² Gregersen, 205.

Når Gregersen seier at inkarnasjon er at Gud, i Kristus, er inni kvart vev av biologisk materiale, så kan det minna om panteisme.⁸³ I fylgje Lenow er panteisme tanken om at Ordet er like nærverande i menneskekroppen til Kristus som i resten av skaparverket.⁸⁴ Me får sjå i kva grad Gregersen adresserer dette seinare. Det han seier noko om er kva synd ikkje er.

3.4 Synd, vondskap, liding, død og helvete

Synd, vondskap, liding, død og helvete er ei god blanding av erfaring frå livet og teologiske forklaringsmodellar over livet i det store og heile. Gregersen tek opp desse i ulik grad og bidreg med differensiering. Han slår fast at dagens protestantiske teologar må utarbeida ei forståing av liding som skil mellom at Gud vil påføra skaparverket lidingar og 1) alle slags utfordringar og tunge tak i kraft av å leva i denne verda, 2) det urettvise i sosial undertrykking, 3) dei vonde konsekvensane av ein person sine egne synder.⁸⁵

Gregersen tek eit oppgjær med arven frå det Augustinske synet på verda som ser at all vondskap (evil) kjem frå menneske eller englar. På den måten er vondskap me opplever eit resultat av vår synd eller Gud si rettvise straff.⁸⁶ Luther nekta for at menneske sine egne handlingar kunne resultera i Gud sin nåde, men han såg guddommeleg tilrettelagt liding som ei førebuing for nåden. Gregersen både kritiserer Luther og unnskylder han som barn av si tid. Førestillinga om at alt var bestemt av Gud på førehand høyrde til hans samtid.⁸⁷

Han viser vidare til Knud. E. Løgstrup som hevda at me må sjå på liding og Luther sine forklaringar gjennom vår kunnskap om verda frå Darwin.⁸⁸ Dette gjer Gregersen ved å greia ut om evolusjonen, naturleg utval, utvikling av organismar frå eincella til menneske og korleis det at me sansar smerte er naudsynt for å gje oss informasjon som er nyttig for unngå fare, beskytta oss, overleva og ha det bra. Det same sansesystemet vårt vert brukt både i nyting og smerte. Smerte kan vera både funksjonell og non-funksjonell. Fantom smerte, kroniske sjukdomar og

⁸³ Gregersen, 205.

⁸⁴ Lenow, «Christ, the Praying Animal», 561.

⁸⁵ Gregersen, «The cross of Christ in an evolutionary world», 197.

⁸⁶ Gregersen, 196.

⁸⁷ Gregersen, 196.

⁸⁸ Gregersen, 196.

mental lidning som angst og depresjon er ikkje alltid funksjonell. Mental lidning er knytt til organismar som er sjølvmedvitne og har evna til både minne og førestillingar om framtida.⁸⁹

Gregersen frikoplar smerte og lidning frå Gud sin vilje eller straff. Han gjev Luther rett i ei mogeleg kopling mellom smerte og Gud. Gjennom smerte og lidning kan ein gløtt til Gud opna seg.⁹⁰ Han tillegg både smerte og død å vera knytt til evolusjonen. Han poengterer at død er naudsynt i eit økologisk perspektiv, om ikkje nokon døde ville det verta hard kamp om maten.⁹¹ Det han i alle fall er klar på er at livets strev høyrer til livet før etisk tenking og kan ikkje moraliserast. Gregersen hevdar at vondskap som smerte i sosial urettferd, lidning og død er knytt til livet slik det utfaldar seg og er ikkje uttrykk for Gud si straff.⁹²

Gregersen viser til Luther som gjev uttrykk for at helvete er ein mental tilstand og ikkje ein geografisk stad: «the mental state of being forsaken and abandoned without any conceivable exit.»⁹³ Ein tilstand der ein kjenner seg overlaten til seg sjølv i smerte utan å fatta ein utgang på situasjonen. Det er kun Jesus som objektivt har vorte forlaten fortset Gregersen. Ikkje eingong dei fortapte sjelene i helvete har objektivt sett vore i helvete fordi Kristis delte den gode budskapet med dei før han stod opp frå dei døde, seier Gregersen i det han viser til den apostoliske truedkjenninga.⁹⁴

Då Kristus døde åleine på krossen hadde Faderen faktisk forlete sin førstefødde. Dette er altså den einaste situasjonen der Faderen objektivt sett har forlete nokon. Alt anna som kan opplevast som eit helvete er per definisjon ikkje helvete fordi Gud vil alltid vera der på eitt eller anna vis. I fylgje Gregersen, er med andre ord helvete avlyst, men det er ikkje frelsa.⁹⁵

På ei side kan me eigentleg ikkje vita om Jesus er den einaste som Gud har forlete, men Gregersen står fritt til å laga ein forklaringsmodell med den premissen. På ei anna side kan det stillast spørsmål ved om Jesus objektivt sett var forlaten av Gud. Gregersen byggjer denne påstanden på at i fylgje Markus (15,34) så sa Jesus før han døde: «Min Gud, min Gud, kvifor

⁸⁹ Gregersen, 198–99.

⁹⁰ Gregersen, 196.

⁹¹ Gregersen, 198.

⁹² Gregersen, 197.

⁹³ Gregersen, 204.

⁹⁴ Gregersen, 204.

⁹⁵ Gregersen, 204.

har du forlate meg?» Dette sitatet er identisk med salme 22,2. Denne salmen endar med stor tillit til Gud. Kanskje premissen til Gregersen er feil, at Jesus ikkje objektivt sett vart forlaten. Det kan gjerne visa til at Jesus var djup fortvila og hadde tillit til Gud.

Det at Kristus dør, seier Gregersen, er eit symbol for at Gud lir saman med alle sansande vesen og frelser dei. Kva meiner Gregersen med at «God bears the costs of evolution, the price involved in the hardship of natural selection.»?⁹⁶ På kva måte ber Gud denne kostnaden, eller kva frelse er, seier han ingenting om i denne artikkelen. Ser fram til å sjå i kva grad dette vert utforska vidare.

4 Gregersen si utvikling av djup inkarnasjon.

I dette kapittelet har eg, av omsyn til omfanget av oppgåva, valt ut nokre få tema frå artikkelen ‘*Cur deus caro: Jesus and the Cosmos Story*’ (2013). Dette er ein artikkel frå perioden frå 2009 til 2013 der det var ein fruktsam debatt knytt til Gregersen og dette omgrepet. Lenow peikar på tre område frå denne perioden som byggjer fundamentet under denne provoserande formuleringa til Gregersen som me såg i førre kapittel om at Ordet er inkarnert i kvar enda biologiske materiale og lir med alle skapningar.⁹⁷

Det eine er det konseptuelle kartet for ulike omfang av inkarnasjon. Det andre er ei grundigare forankring til kjeldene i både Bibelen, kyrkjefedrane og den kristne tradisjonen. Det tredje, meiner Lenow, er ein viktig men undervurdert kopling til metafysikken.⁹⁸ Djup inkarnasjon si involvering med naturvitskapen er viktig for nytenking av dogme i lys av vår kunnskap om verda, fortset Lenow.⁹⁹ Eg vist ei førre kapittel korleis Gregersen kopla lidning til evolusjon.¹⁰⁰ Dette gjer teologien til Gregersen meir truverdige.

Det verkar som hovudsaka med djup inkarnasjon har vore å utvida perspektivet frå å drøfta det tilsynelatande motstridande om Jesus var menneske eller Gud til å finna ut kva som er inkarnert og kva konsekvensar det kan få.

⁹⁶ Gregersen, 205.

⁹⁷ Lenow, «Christ, the Praying Animal», 260.

⁹⁸ Lenow, 561.

⁹⁹ Lenow, 565.

¹⁰⁰ Gregersen, «The cross of Christ in an evolutionary world», 199.

Gregersen ser to ulike grøfter av kristologiske syn i vår samtid. På den eine sida er det liberale synet at Jesus var ein historisk person som er eit førebilete for oss alle, kanskje ikkje på lik linje med andre førebilete, men like fullt berre eit menneske. På den andre sida er det platonske synet at den guddommelege Kristus er på sida av og ikkje kroppsleggjort i skaparverket.¹⁰¹ Desse to syna ser eg ikkje som motstridande, det eine ser Jesus som eit menneske, den andre som at Kristus ikkje er kroppsleggjort.

Slik eg ser prosjektet hans, så er begge desse to syna kvar sine grøfter som går glipp av at røyndomen er vegen mellom grøftene, som i grunnen foreinar dei.¹⁰² Dei er i ikkje motstridande, men to sider av same vegen. Begge desse syna, seier han, må inkorporerast i ein levkraftig kristologi, og begge er inkludert i modellen hans. Med djup inkarnasjon, erkjenner han å utfordra vår forstand i høve til kva som er mogeleg i eit naturvitskapleg perspektiv.¹⁰³

Trass i dette, er det å byggja på den kristne tradisjonen på sett og vis i samsvar med våre nyare kunnskap om kva det vil seia å vera ein kropp i forbindelse med resten av økosystemet me lever i og av og for. Cellene våre er bygd opp av atom laga i eksplosjonar av stjerner, vår eksistens sluttar ikkje ved huda vår.¹⁰⁴ Han søkjer å sjå relasjonane i heilskapen og ikkje motsetnaden i ulike saker. Her sameinar han ein enkelt person sin kropp med resten av verda ved å sjå konkret og fysisk på kva kroppen er laga av. Altså ei kopling mellom eit kristent dogme og naturvitskap. Dette fører oss til spørsmål om det universelle.

4.1 Er Jesus universell?

Gregersen spør om Jesus er til støtte eller hinder for Kristus som eit universelt fenomen. Han hevdar, saman med andre, at sjølv om ein tek utgangspunkt i at Gud sin eksistens er ein realitet, så kan ein likevel ikkje likestilla den med andre religionar og hevda at alle religionar bidreg til å oppdaga Gud.¹⁰⁵ Det vil vera meir rasjonelt, meiner han, å ta utgangspunkt i ein spesifikk religiøs tradisjon og gje høve til å vera var for ulike kulturelle samanhengar og særeige innhald, og derifrå gå over til universelle tema og vidare rammer for forståing. Han held fram at teologisk

¹⁰¹ Gregersen, «Cur deus caro», 389.

¹⁰² Gregersen, 389.

¹⁰³ Gregersen, 390.

¹⁰⁴ Gregersen, 390.

¹⁰⁵ Gregersen, 373-374.

refleksjon må vera våken for ulike tolkingar av same orda i ulike tradisjonar og søka både likskapar og skilnader i ulike tankar om den ultimate røyndomen. Det er ikkje gitt hinduistisk eller buddhistisk ide om avatar, konfutsiansk ide om vise menn med guddommeleg mandat og det kristne konseptet av inkarnasjon har akkurat den same meininga og referansen.¹⁰⁶

For det fyrste kan eg ikkje sjå at han svarer på sitt eige spørsmål. Det kan vera fordi eg kanskje ikkje har forstått detaljane i verken spørsmålet eller svaret. For det andre meiner eg at han kjem med nokre påstandar som er sjølvsgde. Ulike religionar med ulike dogme vil naturleg nok ikkje ha same innhald og referanse. For det tredje er noko av det han skriv sjølvmotseiande. Dersom me tek fylgjande føresetnader: 1) dei kristne dogma om Gud, Visdomen, Ordet, Kristus, inkarnasjonen er tolkingar som søkjer å forstå, setja ord på, peika til ein røyndom i verda. 2) Menneske vil, gjennom dogma i sine religionar, søkja å forstå, setja ord på, peika til den same røyndomen. Med desse to føresetnadane, vil folk med ulike religionar mogelegvis kunne søkja og erfara denne røyndomen.

Han seier at det universelle ofte openberra seg i enkeltdelane (singularities) heller enn i abstraksjonane. Det ser ut til at han tek det konkrete religiøse uttrykket for Jesus, som har vore prega av historia og tolkingar, som eit utgangspunkt for å utforska dei universelle kvalitetane av røyndomen.¹⁰⁷ Dette er ei ærleg sak, men å vurdera om alle religionar i like stor grad bidreg til å oppdaga Gud er verken naudsynt, mogeleg eller ynskjeleg.

Slik sett kan inkarnasjonen vera ein inngang til å søkja den universelle røyndomen som me tek for gitt er der. Dersom me forvekslar dogmet med det universelle kan det verta til hinder for oss i å finna røyndomen. Kristus som inkarnert kan dermed vera både eit hinder og ei opning.

4.2 Er alt inkarnert?

Kva som vert ikjøta, ser det ut til at Gregersen slår fast, er alt i den fysiske verda. «On the view of deep incarnation, there is no material world in which the embodied Christ is not present.»¹⁰⁸ Denne gongen viser han til at pave Johannes Paul II allereie har poengtert dette i si kunngjering til den katolske kyrkja i 1986 om teologien ikring Heilaganden sitt virke i kyrkja og verda.

¹⁰⁶ Gregersen, 374.

¹⁰⁷ Gregersen, 374.

¹⁰⁸ Gregersen, 383.

Kristus som inkarnert sameinar med Gud «... the whole of humanity, the entire visible and material world.»¹⁰⁹ Det at han viser til dogmatikk i den katolske læra kan indikera at han er ein pluralist. Kva dette inneber kjem eg attende til i drøftinga.

Det er ikkje berre det at Gud tolererer den fysiske verda, men aksepterer og omfamnar heile verda for å fornya den frå innsida. Gud inkorporerer eller innlemar verda inn i Gud sitt eige liv, seier Gregersen.¹¹⁰ Ein logisk slutning frå dette vil sei at Kristus er i alt som er. So enkelt er det likevel ikkje. Gregersen er tydeleg på at djup inkarnasjon er ikkje det same som at Gud sitt Ord ganske enkelt er inkarnert i alt som eksisterer.¹¹¹ Sjølv om Gud er kjelda til alt som eksisterer, til og med 'demonic' former for eksistens, så er ikkje Gud inkarnert i alt. Han viser til Johannes ved at Ordet ikkje var inkarnert i verken romerske styresmakter eller jødar som avviste Jesus. Å sei at Gud sitt Ord er inkarnert i alt som er, vil vera å redusera Gud til ei amoralsk eining utan skilje mellom godt og vondt.¹¹²

Her tek Gregersen tak i eit viktig tema. Kva er det kristne gudebilete? Gregersen er nok på trygg grunn i å leggja kvalitetar til Gud som glede, velsigning, omsorg, medkjensle, rettferd og ynskje om frelse for heile skaparverket. Då må temaet om vondskap handterast. Vondskap i tydinga lidning knytt til naturens gang tok Gregersen ut av det guddommelege domene i artikkelen frå 2001, vist i førre kapittel. Kva med vondskap gjort med vit og vilje? Dette definerer han ikkje, men gjev holocaust som døme. Han søker å adressera dette ved å laga ulike grader av i kva omfang Gud sin evige son eller Ordet kan vera inkarnert i skaparverket.¹¹³

4.3 Strict, wide, full scope incarnation

Det er ulike måtar å fylla tanken om inkarnasjon med meining. Ofte kan det vera greitt å tydeleggjera sitt standpunkt ved å ta avstand til eit anna standpunkt. Det Gregersen gjer med å ulike nivå av omfang er å plassera djup inkarnasjon på ein flytande skala av omfang. Ein skala frå avgrensa til omfattande omfang av inkarnasjon. Dette omset eg til å vera avgrensa (strict sense), vidt (broad sense) og fullt omfang (full scope) av inkarnasjon og startar med det første.

¹⁰⁹ Gregersen, 383.

¹¹⁰ Gregersen, 383.

¹¹¹ Gregersen, 384.

¹¹² Gregersen, 384.

¹¹³ Gregersen, 384.

4.3.1 Avgrensa omfang (Strict sense)

I dette avgrensa omfanget, er Ordet som inkarnert avgrensa til å gjelda Jesus, men med ulike måtar å sjå på Jesus. Gregersen kritiserer det overdrive fokus på Jesus som inkarnert, gjeldande berre dei om lag 30 åra han levde på jorda. Dette gjer heile inkarnasjonen til ei overflatisk hending som ikkje når lenger inn enn til huda.¹¹⁴ Kristus var nærverande i all æva før Jesus og i all æva etter Jesus. Inkarnasjonen gjeld ikkje berre den konkrete kroppen til Jesus, men Kristus frå æve til æve og heile kosmos.¹¹⁵

Gregersen definerer ikkje kosmos i denne samanhengen. Tidlegare i denne artikkelen viser han til at kosmos oppstod for om lag 13,7 milliardar år sidan og jorda med menneske lenge etterpå. Med andre ord er kosmos her forstått som universet slik me kjenner det med galaksar, stjerner og planetar.¹¹⁶ I artikkelen frå 2001 omtala han kosmos som at forteljinga om Jesus som inkarnert vart eit minikosmos og symbol for kva som skjer med resten av verda.¹¹⁷

Det neste Gregersen tek fram vert litt meir uoversiktleg: «Logos was always meant to be incarnate in Jesus..., and was raised into the life of God with his transformed social body and human experience. Also, deep incarnation requires such notion of an extended body of Jesus-comprising his social and biological relations in deep time and space.»¹¹⁸ Dette forklarar ikkje Gregersen men går over til kva føringar dette legg for frelsa. Lat oss sjå litt på dette, før me går over til frelsa.

Logos, som ein del av Gud, høyrer til Gud i æva. Det var planen heile tida at Logos skulle verta inkarnert i Jesus. Jesus, med den transformerte kroppen sin, vart teken inn i Gud. Det er gjensidig interaksjon i dette. Kristus er ikkje avgrensa til tida Jesus levde. På same måte som Gud trer inn i mennesket, så trer mennesket inn i Gud. Dette gjeld ikkje berre kropp, det inkluderer den sosiale dimensjonen.

Den sosiale kroppen hans og hans menneskelege erfaring vart altså transformert. Korleis vert ein sosial menneskekropp transformert? Poenget til Gregersen kan vera å få fram at Jesus var

¹¹⁴ Gregersen, 385.

¹¹⁵ Gregersen, 384.

¹¹⁶ Gregersen, 370.

¹¹⁷ Gregersen, «The cross of Christ in an evolutionary world», 205.

¹¹⁸ Gregersen, «Cur deus caro», 385.

eit menneske med kjenslemessige, relasjonelle, fysiske, sosiale erfaringar og behov. Dette aspektet av å vera menneske vart ikkje gløymt og lete att på jorda, men var ein del som vart teke inn i Gud. Jesus si oppleving vert til Gud si eiga erfaring. Lat oss no gå over til frelsa.

Dette synet på inkarnasjon får konsekvensar for frelsa på to måtar, seier Gregersen. Forsoninga av menneske med Gud er sentralt for frelsa, medan Gud sin fred og einskap med verda gjeld den omfattande dimensjonen av frelsa. Her viser han til 1. Mos 1,31 og poengterer at Gud sette pris på heile skaparverket og at dette gjeld frå skapinga og i all æva fordi Gud er inkarnert i verda gjennom Heilaganden. Dette er vist ved oppstoda og at Kristus fortset som det inkarnerte Ordet.¹¹⁹

Eg forstår ikkje heilt kva han meiner med frelse på to måtar. Kanskje den eine dimensjonen kan vera den enkelte si forsoning med Gud, medan den omfattande dimensjonen av frelsa betyr at Gud søker fred og fellesskap med heile skaparverket frå æve til æve. Det må betyr at kva ein trur på eller om ein trur ikkje spelar noko rolle.

Jesus er inkarnert av Ordet eller Kristus, medan Gud er inkarnert i skaparverket gjennom Heilaganden hevdar Gregersen over. Kjernen i dette må vera at Den treeinige Gud har hugnad i heile skaparverket, at dei har fellesskap med kvarandre og eit gjensidig fellesskap med skaparverket. Det er likevel ikkje klart for meg korleis han meiner dette legg føringar for ei frelsa i omfattande dimensjon.

Når det gjeld oppstoda viser Gregersen til Paulus i det han utfordrar vår kronologiske tankemåte og meiner at både inkarnasjonen og oppstoda er både hendingar i tida og ein prosess. Ein prosess som, dersom den er sann, bankar på kvart enda glimt i tida.¹²⁰ På denne måten peikar inkarnasjonen og oppstoda på frelsa.

Gregersen kjem attende til Kristus sin sosiale kropp, han meiner den betyr noko for ei djup oppstode. Som oppstanden er Kristus i sosialt fellesskap med Faderen og Heilaganden. Eit slikt djupt sosialt fellesskap gjeld på same måten mellom Kristus, skaparverket og hans folk.¹²¹ Han snakkar om djup oppstode der Kristus er hovudet medan dei som trur på Kristus er kroppen til

¹¹⁹ Gregersen, 385.

¹²⁰ Gregersen, 385.

¹²¹ Gregersen, Niels Henrik, «The Extended Body of Christ», 249.

Kristus. På denne måten eksisterer kyrkja inni Kristus sin kropp i 'strict-sense' forståing av inkarnasjon. Detter er ikkje berre ein metafor, seier Gregersen, dette betyr at medlemene av kyrkja, både 'saints & sinners' faktisk høyrer til den oppstadne kroppen til Kristus, så lenge dei er kopla til hovudet. Her viser han til Paulis i 1 Kor 12,27.¹²² Så det sosiale er altso ikkje berre ein metafor? Kva som er den koplinga mellom folk i kyrkja som kropp og Kristus som hovud, er ikkje forklart.

Lenow meiner denne strict-sense forståinga omfattar både den konkrete personen og arbeidet til Kristus, identifisert som Ordet inkarnert og som frelsar.¹²³ I denne artikkelen kan eg ikkje sjå at Jesus si gjerning har vore sentral for inkarnasjonen i avgrensa omfang. Her er det i alle fall snakk om inkarnert *som*. I neste del vert det fleire preposisjonar i det inkarnasjonen aukar i omfang.

4.3.2 I vidt omfang (Broad scope)

I vidt omfang er det inkarnasjon *i, med og under*. «This relates to an emphatic understanding of Jesus Christ sharing the depth and scope of social and geo-biological conditions of the entire cosmos.¹²⁴ Er det me som skal vera empatiske i vår forståing? Kva betyr 'geo-biologic conditions'? Det kan vera evolusjon, tyngdekraft, sjukdom og død, at alt er bygd av stjernestøv og at me er overlatne til både naturkreftene og sosiale strukturar. Me kan forstå Kristus som empatisk fordi han går i djupna og breidda av kva det betyr å vera menneske. Menneske er overgitt til dei sosiale strukturane og naturlovene, men ikkje heilt. Kristus lir med oss, men kva hjelper det oss, at Kristus lir saman med oss? Dette spørsmålet adresserte Gregersen i 2001.¹²⁵ Eg kjem attende til det i drøftingskapittelet.

Gregersen fortset med at «Christ is co-inherent throughout the world of creation. ... not to identify Christ with the ambiguous structures within the world.»¹²⁶ Me skal altså ikkje forveksla Kristus med dei uklare og rotete strukturane i verda. Naturleg utval i evolusjonen er ein del av Gud sitt skaparverk, men det openberra *ikkje* Gud sin natur. På same viset som det er ei rekkje sterke relasjonar mellom menneske som ikkje er i nærleiken av å visa den kjærleiken som Jesus

¹²² Gregersen, «Cur deus caro», 385.

¹²³ Lenow, «Christ, the Praying Animal», 562.

¹²⁴ Gregersen, «Cur deus caro», 385.

¹²⁵ Gregersen, «The cross of Christ in an evolutionary world», 204.

¹²⁶ Gregersen, «Cur deus caro», 386.

(inkarnert i smalt omfang) viser oss. Gregersen gjev oss døme i overgrep mot born, sladder, underslag og mafia. Det Kristologiske poenget er at Kristus er nærverande i slike situasjonar og kallar for transformasjon, men *er* ikkje desse situasjonane.¹²⁷

Vil ein logisk konsekvens av dette vara at eit barn som opplever overgrep, ha Kristus i, med og under seg som 'co-present', men den gongen vedkomande som vaksen forgriper seg mot eit anna barn, så er ikkje Kristus lenger co-present? Slike problemstillingar er ikkje eit tema for Gregersen i denne samanhengen.

Vidare kan ein stilla spørsmålet om ein utøvar av vald lir av si eiga handling. Dersom vedkomande lir av si eiga valdshandling, lir så Kristus med vedkomande i utøving av valden? Han seier også at me må skilja mellom naturleg vondskap og synd.¹²⁸ Kva meiner han med naturleg vondskap og med synd? Eg vil tru at eit jordskjelv er naturleg vondskap, medan utøving av vald og å hasta forbi når nokon treng hjelp, er synd. Dette adresserer han ikkje her.

Gregersen si forklaring av inkarnasjon i vidt omfang er uklar. Det er meir uttrykt i negasjonar enn å vera deskriptiv. Kristus må ikkje identifiserast med utfordringar i livet som «the ruthless hardship of natural selection», og heller ikkje med relasjonar som manglar den kjærleiken Jesus viste oss.¹²⁹ Til slutt kjem det at utfordringane med naturleg vondskap og synd krev av oss å skilja mellom avgrensa og vidt omfang av inkarnasjon, men ikkje noko om kva som dette skilje er.

Eg får inntrykk av at medan det avgrensa omfanget av inkarnasjon betyr at det er Kristus som trer inn i verda, så er det i vidt omfang fokus på at det er Gud som lir og døyr på krossen. Denne Kristus er ikkje av grensa til den historiske og konkrete Jesus, men eksisterer utanfor tid og rom. Gregersen viser både til vers frå Bibelen om at ved Ordet er alt skapt (1.Kor 8,6) og alt er oppretthalde (Hebr 1,6). Kristus er sameint *i, med og under* heile skaparverket.¹³⁰ Det kan bety at Gud, gjennom Kristus lir saman alle som lir i alle tider, Kristus er medlidande.

¹²⁷ Gregersen, 386.

¹²⁸ Gregersen, 386.

¹²⁹ Gregersen, 386.

¹³⁰ Gregersen, 385.

Noko av det han eigentleg meiner med inkarnasjon i vidt omfang, kan Lenow hjelpa oss med. Guddommen si kraft og vilje er med skapningar sin årsak og føremål. Den er gøymt i skaparverket og fullfører frelsa forkledd som skapningane si kraft og vilje.¹³¹ I neste avsnitt aukar omfanget av inkarnasjon og kanskje forståinga av både transformasjon og inkarnasjon.

4.3.3 I fullt omfang (Full scope)

Inkarnasjonen i fullt omfang inkluderer dei to føregåande omfanga av inkarnasjon ved at Kristus trer *inn* i verda, lir *med* alle og no, *for* alle. Denne frelsande fullføringa skjer i kraft av Heilaganden som er uttømt over alt, slik Gregersen formulerer det: «Christ co-suffers with and for all suffering creatures, while the task of fulfilling salvation is left to the life-giving powers of the Holy spirit, who will be “poured out on all flesh” (Isa. 44:3; Joel 2:28; Acts 2:17).»¹³²

Det er Kristus som lir saman med og for alle skapningar samstundes som arbeidet er i gang med å frelsa dei. Det som er særleg i dette omfanget er at frelsa skjer for dei som aldri har høyrte om Kristus eller til og med dei som avskyr Kristus.¹³³ Kristus frelsar alt og alle enten dei vil eller ei. Kan det vera slik at dei som ikkje har høyrte om, eller til og med avskyr Kristus skal med vald og makt verta påtvinga ei frelse? Gregersen går ikkje meir inn på kva han meiner med dette her. I eit seinare arbeid utdjupar han dette. Det vert tematisert i kapittel sju i denne oppgåva.

Som eit glimt av at skaparen og skaparverket er sameina ved Kristus, som både kjem og er, at alt allereie er integrert, viser Gregersen til mellom anna dette bibelverset: «For i han ville Gud la heile sin fylde bu, og ved han ville Gud forsona alt med seg, det som er i himmelen, og det som er på jorda, då han skapte fred ved hans blod på krossen.» Kol 1,19-20¹³⁴ Dette er berre ein av dei mange stadane der Gregersen viser til Bibelen for å underbyggja sine poeng. Han viser òg til andre teologar som han let seg inspirera av og byggjer teologien sin vidare på deira tankar.

I det fulle omfanget av inkarnasjon er det fokus på frelse. Det at Kristus arbeider '*for*' andre betyr at guddomen er klar for å frelsa dei som ikkje har høyrte om Kristus eller ikkje vil høyra

¹³¹ Lenow, «Christ, the Praying Animal», 562.

¹³² Gregersen, «Cur deus caro», 386.

¹³³ Gregersen, 386.

¹³⁴ Gregersen, Niels Henrik, «The Extended Body of Christ», 244.

snakk om eller er medvitne om nåden eller ikkje har vilje til å verta transformert.¹³⁵ Likevel held han fast på at der ikkje er noko naudsynt kopling mellom dette synet og eit universalistisk syn sidan det går an om omfamna djup inkarnasjon utan å famna om universalisme.¹³⁶ Han er klar på at det er ein skilnad, men klargjer ikkje kva som er skilnaden eller kva han meiner med universalisme. Han søkjer derimot å klargjera årsaka eller føremålet me inkarnasjonen i neste punkt.

4.4 *Kvifor inkarnasjonen?*

Kvifor gjorde Gud seg til menneske i inkarnasjonen? Gregersen si tolking er at Gud 'ikjøta seg' med det føremål å foreina det menneskelege med Gud, og for å knyta skaparverket så tett til seg, at det vert ei framtid for verda som er utsett for forfall, liding og død. Visdomen eller Ordet ikjøta seg jøden frå Nazareth på ein så omfattande måte at skjebne til gras, liljer, sporv og rev vart guddommeleggjort frå innsida.¹³⁷

Gregersen underbyggjer dette med inkarnasjonen av Jesus, som ofte har vorte forstått som at inkarnasjonen berre gjaldt menneske. I ein artikkel som kom to år seinare går han inn i den Bibelske teksten. Han seier at det står det ingen stader i Bibelen at Gud vart menneske. Det står at Ordet (Logos) vart kjøt (*sarx*) «... og tok bustad mellom oss» i johannesprologen.¹³⁸ Gregersen hevdar at Johannes viste til eit kjent omgrep frå den Hebraiske Bibelen i hans kristne kretsar. I Det gamle testamentet er det vist til «all flesh» (*kol-basar*) om lag 40 gonger. Nokre gonger er dette brukt om menneske, andre gonger om alle levande vesen under sola. Her viser Gregersen til ei rekkje bibelvers, mellom anna til Jes 40,6-8: «All people are grass, their constancy is like the flower of the field. The grass withers, the flower fades.»¹³⁹

I djup inkarnasjon inneheld omgrepet *sarx* tre ulike meiningar. Det er den konkrete kroppen til Jesus, det skjøre og syndige i verda, og til sist det heile og fulle omfanget av den materielle verda.¹⁴⁰ Sjølv om Gregersen har denne forståinga av *sarx*, så gjev det rom for ulike forståingar

¹³⁵ Gregersen, «Cur deus caro», 386.

¹³⁶ Gregersen, Niels Henrik, *Incarnation*, 21.

¹³⁷ Gregersen, «Cur deus caro», 375.

¹³⁸ Gregersen, Niels Henrik, «The Extended Body of Christ», 228.

¹³⁹ Gregersen, Niels Henrik, 228.

¹⁴⁰ Niels Henrik Gregersen, «The Twofold Assumption: A Response to Cole-Turner, Moritz, Peters and Peterson», 458.

av Gud. Han fortset med at i djup inkarnasjon er ikkje berre skaparverket tolerert av Gud, men Gud tek det til seg i si guddommelege famn. Dette gjeld ikkje berre den ryddige og lovlike delen, men òg dei meir kaotiske delane av skaparverket.¹⁴¹

Gregersen stiller spørsmålet om kva type Gud me ser for oss er inkarnert. Han hevdar det er ein Gud som tek del i og opplever føresetnadane i verda.¹⁴² Det er eit viktig spørsmål han stiller her: Kva type Gud ser me for oss? Ser me for oss ein hemngjerrig og straffande Gud, så vil det ha ein heilt anna innverknad på korleis me ser på oss sjølve og verda enn det bilete Gregersen teiknar av Gud. Slik eg forstår Gregersen så valde Gud å inkarnera seg for å stadfesta si tilknytning og kjærleik til sitt skaparverk.

Her med Gregersen si eiga fortetta formulering: «It is the same incarnate Christ (the Word made flesh) that is assuming all that exists (broad-sense incarnation) who is also compassionately suffering with and for others while working out on their salvation (the “for others” incarnation)»¹⁴³ Føremålet med sjølve inkarnasjonen er at Gud i glede foreinar seg med heile skaparverket for å leggja til rette for frelsa. Kva han meiner med at Kristus kallar for transformasjon har han framleis ikkje utdjupa. Kanskje det å leggja til rette for frelse er ein transformasjon. Eg vil gje ei tolking av dette i drøftingsdelen.

5 Gregersen i klartekst om djup inkarnasjon

I boka som kom ut i 2015: *Incarnation: On the Scope and depth of Christology*,¹⁴⁴ var Gregersen var både redaktør og bidragsytar. Den markerer i fylgje Lenow, ein ny fase av den teologiske utviklinga av djup inkarnasjon. Boka var eit resultat frå eit seminar i 2011 med spørsmålet: Er Gud inkarnert i alt som er?¹⁴⁵ Lenow fortset med at Gregersen bidreg med klare teologiske formuleringar bygd på tidlegare arbeid.¹⁴⁶

¹⁴¹ Gregersen, «Cur deus caro», 375.

¹⁴² Gregersen, 376.

¹⁴³ Gregersen, 386.

¹⁴⁴ Gregersen, Niels Henrik, *Incarnation*.

¹⁴⁵ Gregersen, Niels Henrik. ix

¹⁴⁶ Lenow, «Christ, the Praying Animal», 569.

Det siste kapittelet i denne boka, «opportunities and challenges»,¹⁴⁷ er av Gregersen. Her tek han for seg nokre punkt han ser som ressursar og vanskar med djup inkarnasjon og viser til innsikter og innspel frå dei andre bidragsytarane.¹⁴⁸ Eg tek utgangspunkt i nokre av desse refleksjonane med føremål om å teikna ei skisse av kva djup inkarnasjon er, slik Gregersen forstår det på dette tidspunktet.

5.1 Skaping og inkarnasjon

Her utdjuvar han kvifor me bør sjå skilnaden mellom, men ikkje skilja inkarnasjonen frå skapinga. Dersom me skil desse to frå kvarandre kunne ein: 1) koma til å sjå på inkarnasjonen som ein forbigåande fase i tid og rom knytt til Jesus og 2) sjå på Gud som utanfor skaparverket, som om Gud følgjer skaparverket ved å vera av, og ikkje er inkarnert gjennom Ordet. Gregersen viser til at Luther såg den kroppsleggjorde Kristus som meir enn Jesus. Kristus hadde vore både i og med skaparverket lenge før Jesus vart fødd.¹⁴⁹ For Luther var Kristus allstadnærverande ikkje berre i kvaliteten av sin guddommelege natur, men ved sin menneskelege natur.¹⁵⁰

5.2 Kristus som gjerande eller værande?

Gregersen avviser i grunnen spørsmålet om Kristus er gjerande eller værande. Han tek avstand til det han ser som arvegods frå eit Aristotelisk verdenssyn om skilje mellom identitet og aktivitet, mellom kven Kristus er og kva Kristus gjer. Han viser vidare til Athanasius, Kierkegaard og Maximus the Confessor som høvesvis hevdar: 1) Logos er ikkje berre inkarnert i eitt individ, men i heile vide verda, som allereie ber Gud sitt nærvær gjennom Logos. Det er vidare ikkje naudsynt med ei eiga sonings doktrine når ein allereie har Logos inkarnert. 2) Det er ikkje noko mål for oss å verta samtidig med Kristus fordi Kristus er allereie samtidig med oss. 3) Frelse betyr å verta omfamna av Gud sitt sjølv-kroppsleggjerande Logos/Visdom som er kopla til den fysisk-spirituelle verda med føremål om transformasjon.¹⁵¹ Det er ikkje klart kva det betyr å lata seg omfamna av Gud sitt sjølv-kroppsleggjerande Logos. Eg merkar meg

¹⁴⁷ Gregersen, Niels Henrik, «Deep incarnation: Opportunities and challenges», i *Incarnation: On the Scope and Depth of Christology*.

¹⁴⁸ Gregersen, Niels Henrik, 361–79.

¹⁴⁹ Gregersen, Niels Henrik, 367.

¹⁵⁰ Gregersen, Niels Henrik, 365–66.

¹⁵¹ Gregersen, Niels Henrik, 367–68.

at ordet transformasjon nok ein gong er brukt. I neste del kan me ana transformasjon av kronologisk forvirring.

5.3 *Kronosentrisk tidsperspektiv*

Gud sitt tidsperspektiv er ikkje kronologisk. Frelsa er dermed ikkje avgrensa til noko som skal skje ein gong i framtida. Gregersen hevdar at me ikkje kan nytta kronologisk forståing av tida når det gjeld frelsa, men at me allereie tek del i den med tru, von og kjærleik. Her viser han til Jürgen Moltmann: «While resurrection is not purely a far-future event but a process in which we are already now participating in faith, hope, and love, the full fruits of resurrection are not yet present for us- ...»¹⁵² Han viser vidare med takksemd til ein fysikar og teolog, Robert John Russel, som har utarbeida modell i fysisk matematikk som samordnar «tid i æva».¹⁵³

5.4 *Økoteologi*

Her viser han til andre bidragsytarar i denne boka som tydeleggjer korleis ein kan sjå djup inkarnasjon på ein måte som vil kunne revolusjonera våre måte å sjå oss sjølve i samanheng med omgjevnaden vår.¹⁵⁴ Gregersen viser til mellom anna Denis Edwards som tek eit Immanuel perspektiv med at «*God-with-us*» i Kristus, som me må forstå i tydinga: «*God-with-all-living-things.*»¹⁵⁵ Dette betyr i grunnen at kvart enkelt menneske og alt eit menneske møter, har Gud med seg. Gud er medlidande med den andre, ikkje berre med den eine. Å ha ein slik tankemåte er radikal. Korleis me kan gå fram for å ta dette inn over oss, seier ikkje Gregersen nokon ting om. Han viser derimot til Christopher Southgate som ser frelse som ein del av den eksisterande verda og ikkje som *frå* verda, og til hans visjon om kyrkja som den sosiale kroppen til Kristus vil inkludera heile skaparverket.¹⁵⁶

5.5 *Frelse i fjern framtid er avgrensande*

Gregersen foreslår korleis me kan forstå ideen om eskatologi. Han meiner at både det individuelle menneske, det sosiale og samfunnet av alt liv er sentralt for forståinga av dom, frelse og fortaping. Ideen om djup inkarnasjon er på ingen måte knytt opp til spesifikke

¹⁵² Gregersen, Niels Henrik, 369–70.

¹⁵³ Gregersen, Niels Henrik, 370.

¹⁵⁴ Gregersen, Niels Henrik, 372.

¹⁵⁵ Gregersen, Niels Henrik, 372.

¹⁵⁶ Gregersen, Niels Henrik, 373.

projeksjonar om ei fjern framtid. Han foreslår at dei etablerte bileta knytt til tid og stad for den nye verda er, eigentleg er nettopp det, bilete for korleis det nye Guds rike kunne sjå ut ein gong. Desse bileta er meir projeksjonar for våre førestillingar enn presise forklaringar på korleis dommedag, frelse og fortaping vil kunne sjå ut i vår verd av vitskaplege forklarte naturlover. Han viser til Johannesevangeliet som knapt har eit spor av endedagsteologi. Oppstoda og evig liv må sjåast som ein sosial kvalitet. Han viser til konsilet i Nikea (381) der det er eit uttrykk for oppstoda som noko ein ikkje har klart for seg kva er. Ein kan vedkjenna seg kristen tru utan å sjå klart for seg kva det vil sei at «Gud skal vera alt i alle» (1.Kor 15,28).¹⁵⁷

5.6 *Nærvær som ei spirituell bru*

Djup inkarnasjon kan sjåast som at krossen symboliserer Gud sitt vedvarande nærvær innvendig i skaparverket heller enn frelse frå skaparverket. Dette kjem frå Dirk Evers, og Gregersen held fram fleire av hans poeng, som at tru er ein relasjonell kvalitet i tilværet som tek del i Gud si omsorg for ‘den andre’ saman med heile skaparverket. Evers har vist at transendens skildra i bibelen handlar ikkje om avstand i verken tid (no-då) eller rom (opp-ned), men om ein spirituell avstand mellom det menneskelege og guddommelege.¹⁵⁸

Gregersen støttar Evers og held fram med at inkarnasjon handlar om å overgå synd. Synd er det åndelege skilje mellom menneske og Gud. Gregersen legg til to presiseringar. Det første er at menneske si lidning kjem ikkje berre frå denne framandgjeringa. Kristologien i perspektivet til djup inkarnasjon inkluderer både syndarar og offer. Det andre er at for å overgå dette skiljet ligg ein føresetnad. Brua over dette skiljet er at Gud kjem til vårt sinn og sansar (mind) gjennom vår kropp (flesh), uavhengig av om me er medvitne om det. Slik Gregersen ser det, er dette ein del av den gode budskapet. Me er elska og omfamna utan at me treng vita om breidda og djupna av den guddommelege kjærleiken.¹⁵⁹

I kapittel fem har eg sett på nokre teologiske tema der Gregersen responderer på ulike bidrag til djup inkarnasjon. Med det materialet eg har sett på fram til no, så har føremålet med artiklane og bøkene til Gregersen vore å tydeleggjera kva djup inkarnasjon er, forankra det i skrifter og tradisjon, samt å sjå på kva konsekvensar det kan få for forståinga av andre dogme. I neste

¹⁵⁷ Gregersen, Niels Henrik, 374.

¹⁵⁸ Gregersen, Niels Henrik, 378.

¹⁵⁹ Gregersen, Niels Henrik, 379.

kapittel ser eg på noko av det nyare materialet til Gregersen og korleis ein kan forstå djup inkarnasjon når ein ser det for seg midt i liv og samfunn.

6 Gregersen sine nyaste perspektiv på djup inkarnasjon

Dette kapittelet er basert på deler av: *Resilient selves: A theology of resonance and secularity*, 2020 og *Resonant selves in ethical and theological perspective: On personhood and identity formation*, 2021.¹⁶⁰ Begge omhandlar identitet og utfordringar i vår samtid, og er i ulik grad direkte kopla til djup inkarnasjon. Her tek Gregersen med seg forståinga av djup inkarnasjon og vender blikket utover i verda. Samstundes som han, i fylgje seg sjølv, tek innover seg sekulære samtalar om kva det er å vera menneske. På den måten kan teologi bidra med viktige perspektiv på menneskeleg identitet.¹⁶¹

6.1 Polstra eller fleksibel identitet?

I artikkelen om ‘resilient selves’ har eg valt to tema, moderne identitet og kristen identitet. Fyrst peikar Gregersen på baksida av medaljen til den moderne identitet som frie, sjølvstendige og uavhengige menneske der ein søker å ha kontroll over livet og situasjonen ein er i.¹⁶² Dette blir utfordrande sidan me til evig tid er knytt til ei rekkje menneskelege behov som trongen for venskap og kjensla av å høyra til. Vidare er me knytt til både sosiale grupper og natur, begge varier og er uføreseielege. Gregersen problematiserer ideen om at «moderne» menneske er frie, sjølvstendige og uavhengige. Om ikkje opplevinga samsvarer med førestillinga, så er det berre å søkja til psykolog eller sjølvhjelpsbok i personleg utvikling for å nå sitt potensiale.¹⁶³

Han presenterer to ulike idear for korleis me kan sjå på oss sjølve og kvarandre. Han kallar dei for ‘buffered self’ og ‘resonant self’ som eg omset til høvesvis polstra- og fleksibel identitet. Ein polstra identitet er sjølvstendig og kontrollert, og prøver å vera uavhengig frå- og upåverka av omgjevnadane. Fleksible identitetar gjev resonans i kontakt med sosiale og fysiske omgjevnader, og er på denne måten fleksibel. Den polstra identiteten har som mål å vera robust,

¹⁶⁰ Gregersen, «Resilient Selves»; Gregersen, «Resonant selves in ethical and theological perspective».

¹⁶¹ Gregersen, «Resonant selves», 396.

¹⁶² Gregersen, «Resilient Selves», 100.

¹⁶³ Gregersen, 100.

medan den andre ser verdien av å vera fleksibel og sårbar. Den fleksible er enten i dissonans eller resonans med omgjevnaden og vert dertil prega og endra.¹⁶⁴

Ideen om fleksibel identitet har på grunn av å vera sårbar, ikkje på trass av, større sannsyn for å tilpassa seg og veksa til å verta eit motstandsdyktig sjølv (resilient selves). Den kan lettare snu seg rundt og feira å vera i kontakt med livet slik det er. Her formulert av Gregersen: «The incipient lack of stability of a resonant self may nonetheless offer better chances for growing into a resilient self, that is, a self capable of bouncing back and finding new forms of conviviality with a fluent world.»¹⁶⁵ Dette er ikkje ei lettvent eller overflatisk løysing.

Personar med ein fleksibel identitet erkjenner dei tunge og mørke sidene av røyndomen og insisterer på å forbinda seg til fellesskapet, atter ei gong. Dette kallar Gregersen for djup resonans. Djup resonans er eit religiøst løfte der identiteten gjev rom for både glede og gnag i livet.¹⁶⁶ Eit slikt løfte kan bidra til at menneske sin identitet i større grad er i harmoni med seg sjølv og omgjevnaden. Gregersen tydeleggjer at religiøse innspel ikkje er det einaste som er viktig i vår identitetsutvikling eller for liva våre i samspel med kvarandre.¹⁶⁷

Han skriv om det viktige i å erkjenna røyndomen som den er, erkjenna at me er sårbare og at me gjensidig pregar kvarande og er avhengige av fellesskap.¹⁶⁸ Dette minner om Jesus som tek innover seg alvoret i det som skjer, er i fellesskap med folk der han er, og er atter foreina med sin Far gjennom Heilaganden i oppstoda. Dette treeinige fellesskapet er knytt til hans identitet, med djup inkarnasjon er dette fellesskapet med Gud også vår identitet.

Gregersen har sett på utfordringar med den polstra identitet som er førebilete i det moderne sekulært perspektiv på kva det betyr å vera menneske. Det polstra vert både utilgjengeleg for kontakt med omgjevnaden og i sitt indre vert den skjør og utilstrekkeleg nettopp fordi den manglar denne kontakten. Den fleksible identiteten presenterer Gregersen som eit alternativ til den moderne.

¹⁶⁴ Gregersen, 95.

¹⁶⁵ Gregersen, 95.

¹⁶⁶ Gregersen, 102.

¹⁶⁷ Gregersen, 95.

¹⁶⁸ Gregersen, 102.

Motstandsdyktige identitet (resilient selves) vil både lata seg kvila i og oppleve ei healing, samstundes som vedkomande aktivt vil flukta med andre og kreativt respondera på andre sine behov.¹⁶⁹ Ei slik kristen forståing av identitet, kan forma og støtta oss til å vera i relasjon med oss sjølve, kvarandre og vårt miljø i det store og heile.

6.2 *Kristus som samkvalitet i kristen identitet*

Her har eg fokus på det teologiske perspektivet i å forma identitet fordi det er relevant for djup inkarnasjon. Gregersen viser til Gregory av Nyssa sin omtale av det særeigne med menneske som både fysiske og spirituelle. Nyssa byggjer dette på sitt syn om at den guddommelege har kapasitet til å vera i sameksistens med alt som er. Han var nok, meiner Gregersen, den første kristne som vektla Gud som omfattande røyndom. Gud er tilsvarande nær i det fysiske som den åndelege delen av verda.¹⁷⁰

Nyssa si forståing av den guddommelege æva får fylgjer for kristologien, påpeikar Gregersen. Gjennom inkarnasjonen viser Kristus at både den fysiske og spirituelle delen av skaparverket sameint. Kristus er like nær i det åndelege som det konkrete, like nærverande i kvardagen som i den evige himmel, seier Gregersen med referanse til Nyssa.¹⁷¹

Gregersen går frå ein kyrkjefader til ein samtidssosiolog når han viser til Hartmut Rosa, som seier at menneske er i resonans. Me er mottakarar av ord og songar som kjem frå ei rekkje kjelder og utvidar vår menneskelege identitet. Synda er manglande evne til å opna seg opp for Den andre eller for andre menneske, seier Rosa i fylgje Gregersen.¹⁷²

Dette byr løysingar på utfordringar som Gregersen deler i tre område: 1) Overdrive fokus på individ som ei isolert eining utan sosiale, økologisk og kulturelle behov. 2) Overdrive fokus på den rasjonelle delen av oss ettersom me er emosjonelt drivne i situasjonar og relasjonar. 3) Ideen om at me er ein enkelt fast identitet, medan me faktisk har eit spekter av identitetar som haustar frå mange kjelder som utviklar seg over tid utan å koma til ein fullført slutt.¹⁷³

¹⁶⁹ Gregersen, 94.

¹⁷⁰ Gregersen, «Resonant selves in ethical and theological perspective», 402.

¹⁷¹ Gregersen, 402.

¹⁷² Gregersen, 406.

¹⁷³ Gregersen, 406.

Alt i alt seier Gregersen, kristen identitet handlar om å vera mottakeleg for Gud som ein djup resonans grunnfesta i alt som er. Gud kallar oss frå kvar enda flik av verda, oftast i det små og kvardagslege.¹⁷⁴ Slik eg forstår Gregersen, er Kristus sin kvalitet inkarnert i kvar ein del av verda. Kristus er med andre ord grunnlaget for eller ein del av vår identitet. Korleis Gregersen forklarar Gud og menneske si rolle i den aller største identitetskrisa, dommedag, kjem eg tilbake til i drøftingsdelen.

7 Drøfting av djup inkarnasjon

Så langt i oppgåva har eg analysert Gregersen si forståing og utvikling av djup inkarnasjon med utgangspunkt i det utvalde materialet. I forklaring av dei ulike omfanga av inkarnasjon, vist i kapittel 4.3, nyttar Gregersen omgrepet transformasjon i alle tre nivåa. Tydinga av dette er uklår. Er det ein transformasjon om me skapar eit samfunn med fred og likeverd, eller kan det bety ein transformasjon frå dette livet til ei anna form for liv? Eg har valt å knyta dette opp til dommedag i drøftinga. I dette kapittelet drøftar eg djup inkarnasjon sitt bidrag til ulike teologiske spørsmål.

7.1 *Er Kristus kun for kristne?*

Gregersen svarer klart på om Kristus kun er for kristne, men svaret gjev ikkje nødvendigvis klarleik likevel. Dette spørsmålet relaterer til både universalisme, pluralisme, panteisme og panenteisme. Her søker eg å gje noko klarleik til Gregersen sin respons på desse punkta.

7.1.1 Universalisme

Eit tema som har vore gjennomgåande i det meste av materialet mitt, er den gjentakande presiseringa på å halda avstand mellom ideen om djup inkarnasjon og universalisme. I denne samanhengen ser universalisme ut til å verta brukt vekselvis med panteisme. Rett nok var ikkje dette tematisert i artikkelen frå 2001, men det meste av arbeidet med omgrepet har skjedd etter den tid.

Som eg skildra i kapittel 4.3.3, seier Gregersen at fullt omfang av inkarnasjon omtalar Ordet som å vera klar for å gje liv og fornying til alle. Dette gjeld uavhengig om folk er klar for det,

¹⁷⁴ Gregersen, 407.

om har evne eller vilje til å ta i mot nåden. Han held fram fleire bibelvers som viser til forsoning og frelse for alle på jorda eller i himmelen, døypt eller udøypt.¹⁷⁵

I boka *Incarnation* definerer han universalisme som at inkarnasjon er eit universelt konsept i tydinga at i kvar førekomst av skaparverket er Gud inkarnert. Der ville den inkarnerte Guddomen vera allstadenverande. Her viser Gregersen til ein naturalist filosof, Mark Johnston som seier: «The incarnation of the Divine is ubiquitous.» Gregersen kommenterer denne utsegna slik: «Here the term *incarnation* is removed from its role as identifying the nature and will of God as self-expressing and absorbing love in the midst of material existence.»¹⁷⁶ Slik han tolkar Johnston, så kjem ikkje Gud sin natur og vilje til uttrykk med altomfattande kjærleik i midten av den materielle eksistens. Dette verkar sjølvmotsegjande.

I den same boka skriv Gregersen sjølv: «...Deep incarnation ... presupposes a radical embodiment that reaches into the roots (*radices*) of material and biological existence as well as into the darker sides of creation: the *tenebrae creationis*.»¹⁷⁷ Det er vanskeleg å sjå kva som er skilnaden på at djup inkarnasjon som føreset at guddomen er kroppsleggjort inn i djupet av alt biologisk materiale inkludert lidning og det som Johnston hevdar. Det verkar å vera viktig for Gregersen å ta avstand frå ein nøytral Gud som er i alt som er og skjer.

Gud er ikkje inkarnert *som* terror åtak eller *som* valdtekt.¹⁷⁸ Dette gjev grunnleggjande meining, og det ville vanskeleg å tru på ein kjærleg Gud som uttrykkjer seg gjennom ei valdtekt. Likevel, skriv han: «Incarnation is about God's coming into the world of flesh,»¹⁷⁹ Det som er å finna av ein differanse er ganske subtilt. Gregersen meiner at uttrykket: 'Gud er inkarnert i alt som er' må i ein kristen samanheng forståast som at: det er Gud sitt *Ord*, *Son* eller *Visdom* som er *nærverande* i alt som er.

¹⁷⁵ Gregersen, «Cur deus caro», 387.

¹⁷⁶ Gregersen, Niels Henrik, «Deep incarnation: Opportunities and challenges», 364.

¹⁷⁷ Gregersen, Niels Henrik, «The Extended Body of Christ», 226.

¹⁷⁸ Gregersen, Niels Henrik, *Incarnation*, 2.

¹⁷⁹ Gregersen, Niels Henrik, «The Extended Body of Christ», 226.

Det er med andre ord ikkje Gud som er i alt som er. Det er derimot Ordet, Sonen eller Visdomen som er *nærverande* i 'alt som er' for andre skapningar. Med hans ord: «... Christ is present as the embodied Logos in the world of creation for all other creatures.»¹⁸⁰

Lat meg oppsummera. Det er ikkje Gud som er inkarnert i alt som er. Det er ikkje Kristus som er inkarnert i alt som er. Det er Kristus som er *nærverande* som Ordet i alt som er, for alle skapningar. Om det er Gud eller Gud sitt Ord eller Visdom som er nærverande spelar ikkje så stor rolle, meiner eg. Det verkar som Gregersen famlar etter eit uttrykk som viser Gud å vera ein kjærleiksfull part i relasjon til skaparverket og ikkje likegyldig og nøytral til stades.

Gregersen omtalar inkarnasjon i fullt omfang som at den guddommelege Visdomen er klar til å gje liv og høve for fornying, «even in cases where there are not yet conscious recipients of grace, and not yet any willingness to be transformed.»¹⁸¹ I dette bilete er Gud klar til å vera med overgriparen sjølv om vedkomande ikkje medviten mottakar for nåde eller vilje til å verta transformert? Eg forstår dette som å vera universalisme, at frelsa gjeld for alle. Som vist over, tek han avstand frå at sjølve Gud er inkarnert i alt. Eg meiner han tek avstand frå panteisme, og ikkje universalisme.

7.1.2 Panenteisme

No går eg over til noko Gregersen kan stå inne for- panenteisme. Panenteisme handlar om at alt som er, er i Gud, men at Gud likevel er større enn våre liv og det me byggjer våre liv på. Dette omgrepet definerer Gregersen slik, i det han viser til sitt eige arbeid i 2009: «...at Gud alltid er større, men samtidig rummer sine skapningers liv i sig, men under det fortegn, at vi alle skal transformeres.»¹⁸² I panenteisme er altså ikkje Gud identisk med det skapte, men er *med* det skapte på ein slik måte at alt vert transformert. Dette kan indikera at transformasjon for Gregersen tyder frelse, men vidare til å sjå på Gregersen sitt syn på pluralisme.

7.1.3 Pluralisme

Pluralisme er nok eit ord, som på lik linje med dei over, kan ha ulike tydingar, samt at innhaldet i omgrepet kan endra seg over tid. Gregersen skriv i 2013 at alle religionar kan ikkje bidra til å

¹⁸⁰ Gregersen, Niels Henrik, «Deep incarnation: Opportunities and challenges», 365.

¹⁸¹ Gregersen, «Cur deus caro», 386.

¹⁸² Niels Henrik Gregersen, *Ind i fællesskabet: en samtidsteologi om gudsriget og det evige liv*, 43.

oppdaga Gud og at det ikkje går an å påstå at alle store religionar verkeleg viser til den same ultimate røyndomen.¹⁸³ Problemet kan nok vera at han ikkje berre føreset at fenomenet bak vår forståing av Gud, og resten av persongalleriet i kristne dogme, er universelt. Han hevdar at «... Gud is equally self-revealing and self-communicative to all religions...»¹⁸⁴ Det ville vera naivt å hevda at alle religionar har like relevante dogme for å søkja, og for å forstå den ultimate røyndomen. Det ville vidare vera arrogant å påstå at Kristendomen har ein overvunnen tradisjon og dogme i høve andre religionar og tradisjonar, utan at me kan utelukka det.

I starten av kapittel fira hevda eg at Gregersen kunne vera pluralist i det han viste til Johannes Paul II og den katolske kyrkja si lære om Heilaganden sitt virke i kyrkja og verda.¹⁸⁵ I den tidlegare omtala boka, *Incarnation* frå 2015, skriv Gregersen at dei der søkte å ta den kristne tradisjonen som utgangspunkt for å sjå med eit vidt blick på universelle tema med føremål å få plass til kristologisk nytenking.¹⁸⁶ Her tek han avstand til liberalteologi på 70-talet som meinte at tanken om inkarnasjonen, som gjorde Jesus spesiell, var utåleleg i eit fleirreligiøst samfunn. Han er no open for ein djup pluralisme. Den oppmodar teologar og religiøse å lytta til og læra frå kvarandre, heller enn å søkja ein nøytral grunn eller ein overflatisk identitet for alle religionar.¹⁸⁷

7.1.4 Konklusjon: Er Kristus kun for kristne?

Med det eg har vist ovanfor, vil eg oppsummera mi forståing av Gregersen sine syn på desse områda. Han tek avstand frå panteisme i tydinga av at Gud er inkarnert i alt som er og uttrykkjer seg i alt som skjer. Han støttar panenteisme i tydinga av at Gud har omsorg med alt og alle, og legg til rette for at skaparverket vert frelst. Han er universalist i tydinga av at Kristus er nærverande i heile skaparverket, for alle skapingar, syndarar og offer, døypte og ikkje døypte,¹⁸⁸ kristne eller ikkje, evne og vilje til å ta i mot frelsa eller ikkje. Vår forståing av Gud viser til ein universell røyndom, som ikkje er avgrensa til kristendom. Han er pluralist i tydinga av å vilja lytta til og læra av andre religionar og tradisjonar.¹⁸⁹

¹⁸³ Gregersen, «Cur deus caro», 373.

¹⁸⁴ Gregersen, 373.

¹⁸⁵ Gregersen, 383.

¹⁸⁶ Gregersen, Niels Henrik, *Incarnation*, 3.

¹⁸⁷ Gregersen, Niels Henrik, 2.

¹⁸⁸ Gregersen, «Cur deus caro», 387.

¹⁸⁹ Schmidt-Leukel Perry, *Religious Pluralism and Interreligious Theology*, 3–6.

For å svara på spørsmålet om Kristus kun er for kristne så er svaret både ja og nei. Nei, fordi ikkje-kristne er like inkarnert og frelst som kristne. Ja, fordi dogmet om Kristus er eit kristent dogme. På same måte vil både kristne og ikkje-kristne synda, men kanskje definera det, og handtera det på ulikt vis. Sjølv kristne som har tanken om Kristus vil handtera livet på svært ulike måtar.

7.2 *Synd og vondskap*

Som Gregersen har vore tydeleg på gjennom heile materialet i denne oppgåva, så er verken synd eller kristen tru er relevant for inkarnasjonen som eit band mellom Gud og menneske. Synd og vondskap har i ulike variantar vorte gjenteke i materialet eg har sett på utan at orda har vorte definerte. I artikkelen frå 2001¹⁹⁰ tek Gregersen to frigjerande grep. For det fyrste legg han ansvaret for liding på evolusjonen og frikjenner menneska frå synd i denne samanhengen, men seier ikkje noko om kva synd er. For det andre fristiller han i teologi om krossen 'tru' som koplinga mellom Kristus og dei som kan verta frelst. «In the context of the theology of the cross, I have correspondingly expanded the notion of a *theologia crucis* so as to include animal pain and human suffering, regardless of belief and disbelief»¹⁹¹ Det er ikkje berre menneske som er fristilte frå tru, han inkluderer dyr.

Me må skilja mellom naturleg vondskap og synd,¹⁹² seier Gregersen i kapittel 4.3.2. Kva meiner han med naturleg vondskap og med synd? Naturleg vondskap kan tenkjast å bety jordskjelv, sjukdom og død som er knytt til den naturlege delen av livet utan at det er verken guddommeleg eller menneskeleg vilje bak. Skaparverket og evolusjonen, seier Gregersen, utgjer ei pakkøløysing til både glede og sorg.¹⁹³ Aktivitetar og hendingar som overgrep, valdtekt, svindel presiserer Gregersen at er *ikkje* uttrykk for Ordet inkarnert. Me kunne her anta at han meiner desse handlingane er synd, men det er ikkje så enkelt.

Gregersen ser på den etymologiske bakgrunnen for ordet synd i det garmansk-nordiske språket. Han peikar på at det kan bety å stilla seg utanfor, altså å skilja tinga frå kvarandre. Det greske ordet for synd (*hamartnaein*) er å treffa ved sida av eller å bomma på mål. Han formulerer det

¹⁹⁰ Gregersen, «The cross of Christ in an evolutionary world».

¹⁹¹ Gregersen, 205.

¹⁹² Gregersen, «Cur deus caro», 386.

¹⁹³ Gregersen, «Deep incarnation», 2.

som å vera vantru, skilja seg frå Gud. I mellommenneskelege relasjonar betyr det oppsplitting, polarisering, me tek feil av oss sjølve, kvarandre og Gud.¹⁹⁴ På eit individuelt plan kan dette bety at våre val eller identitet skil seg frå vår sjel. Sjel definerer eg overflatisk som den delen av oss som er skapt i Gud sitt bilete.

Gregersen viser til Hartmut Rosa sin omtale av synd: «'sin' is the inability to open up oneself to the Other, or to other human beings.» Å vera overdrive sjølvcentrert er Luther sitt uttrykk for synd, medan Rosa formulerer dette på ein annan måte. Synd er å ikkje respondera på røyndomen sin venlege og kontaktsøkande tilrettelegging.¹⁹⁵ Dette er ein frisk måte å definera synd på. Han viser vidare til Rosa som òg omtalar synd som å ikkje fanga opp eller vera klangbotn for resonans i omgjevnaden. Dette er ei fortolking av synd som Luther omtala som å vera innkrøkt i seg sjølv.

Tru, er på tilsvarande vis a ta ein lyttande innstilling til verda basert på lovnaden om at Gud syng til oss sjølv om alle våre sansar er hemma.¹⁹⁶ Denne reformuleringa av syndsomgrepet, fell inn i kategorien med kreativ bruk av Luther si lære. Eg vil hevda at det ikkje berre er kreativt, men naudsynt for at syndsomgrepet skal vera i samsvar med intensjonen om å støtta oss i søkja Gud sitt Ord og nåde.

Synd med utgangpunkt i Gregersen sitt syn på djup inkarnasjon er knytt til det abstrakte. Synd i denne teologien har blikket på vår relasjon til kvarandre og Gud. Det er ikkje knytt til verken rett tru, tru i det heile, eller handlingar. Gregersen har eit ontologisk blick på synd. Synd er det åndelege skilje mellom menneske og Gud.¹⁹⁷ Når me er i avstand frå Gud vil handlingane våre viteleg føra til brot i kontakt med både folk og natur og struktur i samfunnet. Kanskje vondskap kan definerast som det som me gjer når me lever i synd, altså ikkje er i kontakt med Gud.

For å summera opp, så sit me no att med tre situasjonar som eg vil kategorisera med desse orda: Synd, naturleg vondskap og vondskap med vilje. Som vist over er synd er altså meir av ein tilstand eller avstand meir enn ein handling. Naturleg vondskap forstår eg som sjukdom, lidning og død som eit resultat av evolusjonen og livets gang. Dette gjore Gregersen tydeleg greie for i

¹⁹⁴ Gregersen, *Ind i fællesskabet*, 72.

¹⁹⁵ Gregersen, «Resonant selves in ethical and theological perspective», 406.

¹⁹⁶ Gregersen, «Resilient Selves», 101.

¹⁹⁷ Gregersen, Niels Henrik, «Deep incarnation: Opportunities and challenges», 378.

kapittel tre. Då står me att med Holocaust, valdtekt, svindel som Gregersen har presisert *ikkje* er uttrykk for Gud sin openbering i skaparverket. Dette kallar eg vondskap med vilje.

Denne vondskapen er meir plundrete for Kristus er medlidande med offera i slike situasjonar, men kven er offer? Som eg eg viste i analysen av ‘vidt omfang’ vil ein overgripar kunne lida av det vedkomande utfører sjølv. Det vonde som vert utført kan vera eit uttrykk for noko vondt vedkomande sjølv har opplevd som offer. Korleis Kristus er nærverande i slike situasjonar og for kven er noko som står att å finna ut. Kanskje vår dualistiske tanke om offer versus overgripar er ei tilsvarande fallgruve som spørsmålet om Jesus var Gud eller menneske.

7.3 *Vondskap i verda*

Vondskap med vilje vert heretter omtala som vondskap. Kva vondskap er her og kva kan me gjera med den? Jürgen Moltmann kom i boka *The Way of Jesus Christ* med ein analyse av tilstanden i verda som ikkje er mindre aktuell i dag med krig både i Ukraina og Midt-Austen. Denne analysen kom eg over via ei masteroppgåve.¹⁹⁸

Moltmann hevdar at uretten gjennom økonomisk utnytting, rasisme, politisk underkastning er utfordringar for kristen teologi i dag. Dette er eksistensielle problemstillingar for den sameinte kyrkja til Kristus i denne delte verda. Krisene me ser, held Moltmann fram, er ikkje forbigåande i ei utviklande og modnande verd. Det er ein medfødt defekt i sjølve sivilisasjonen. Personlegdomen til menneske i den rike delen av verda har vorte «‘determining subjects’ of their own lives» medan ‘den andre’ har vorte til ikkje-personar. Det økumeniske fokuset må vera å sjå vår verd med ‘den andre’ sitt blikk, fortset Moltmann. Det betyr å utvikla ein teologi av transformasjon som vil møta til dømes frigjeringssteologi der folk er.¹⁹⁹

Me treng nok ein transformasjon. Det er ikkje nok å sei at me trur på Gud eller dei kristne dogma. Jødane som trudde på Gud trengde Jesus for å transformera deira tru på lovene om Gud, til liv i Kristus. Skriftlærde og farisearar forvalta lovene, men makta ikkje formidla det levande Gud sitt Ord. Formulert av Gregersen: «The scribes and Pharisees (who definitely wanted to

¹⁹⁸ Reiten, Ole Thomas Bientie, «En kristologi for menneske i dag? En analyse av Jürgen Moltmanns forståelse av Jesu Kristi fødsel og oppstandelse i ‘The Way of Jesus Christ’», 27,.

¹⁹⁹ Jürgen Moltmann, *The Way of Jesus Christ: Christology in Messianic Dimensions*, 65.

do the right thing) ended up as self -protective evildoers» og var ikkje i resonans med eller transparente i høve Gud sin natur.²⁰⁰

Våre utfordringar med å ta vare på vår neste er ikkje av ny dato. Korleis me ser på Jesus Kristus kan både vera ei kjelde til utfordring og løysing. Så i staden for å diskutera dogmatiske detaljar om inkarnasjon, skaping, frelse og universalisme så kan me heller søkja å vera nær Kristus på ein måte som fører til handling utifrå tanken om at Visdomen er inkarnert i oss. Kanskje ein slik transformasjon vil kunne vera ein respons på Moltmann sin påstand om at Kristus er framand for kristne i den rike delen av verda i dag.²⁰¹ Slik eg forstår Gregersen er vondskap i verda eit resultat av den spirituelle avstanden til Gud.

Gregersen formidla, som vist i kapittel tre, at det er Gud som lir og dør på krossen fordi Jesus er eller høyrer til den guddommelege identiteten i all æva. Gud er ikkje berre den som passivt held ut lidning, men er òg den som aktivt transformerer lidning. Han held fram med at frelse ikkje kan uttrykkjast i mentale omgrep.²⁰² Dersom dette er sant, så må me forstå eller forhalda oss til transformasjon og frelse som kroppsleggjort. Den neste delen handlar om kva konsekvensar djup inkarnasjon får for Gregersen sitt syn på dommedag som transformasjon til frelse.

7.4 Dommedag som transformasjon

Det Kristologiske poenget, vist i omtalen av inkarnasjon i vidt omfang, er at Kristus er nærverande i alle situasjonar frå sladder og svik til krig og nød, og at Kristus kallar for transformasjon.²⁰³ Figuranten gjentek dette med transformasjon gjennom kvart av dei ulike omfangane av inkarnasjon, vist i kapittel fira, utan at han i den samanhengen adresserer nokon av desse spørsmåla: Kva form for transformasjon, kva eller kven skal transformera kva? Og kva skjer etter ein transformasjon?

Den store transformasjonen i kristen mytologi er tanken om dommedag som verdens undergang både sivilisasjonsmessig og økologisk. *Dom* betyr krise seier Gregersen i boka si frå 2021: *Ind*

²⁰⁰ Gregersen, Niels Henrik, «The Extended Body of Christ», 237.

²⁰¹ Moltmann, *The Way of Jesus Christ*, 65.

²⁰² Gregersen, «The cross of Christ in an evolutionary world», 204.

²⁰³ Gregersen, «Cur deus caro», 386.

i fællesskabet.²⁰⁴ I kapitlet *Dommen: Lyset der går midt ned gennem hvert menneske*, skisserer han korleis dommedag kan sjå ut som ein transformasjon på det personlege planet.²⁰⁵

7.4.1 Tidsperspektiv

Som eg presenterte i kapittel fem, utfordrar djup inkarnasjon vårt kronologiske tidsperspektiv. Her viste Gregersen til Moltmann som ser oppstoda som ein prosess me er ein del av her og no. Ein prosess der tru, håp og kjærleik er rammene.²⁰⁶ I desse rammene, fortset Gregersen, er det Gud som dømer, ikkje eit tribunal av moralske dommarar. Dette ser Gregersen som det gode nyhende i truedkjenninga.²⁰⁷ Han viser til Anselm av Canterbury (1033-1109) som meinte at Gud si forsoning med menneske er så sterk at det kunne gjelda dei verste syndarar.²⁰⁸ Men i kva grad ein trur eller syndar, er ikkje omdreiingspunktet for verken dom eller frelse.

7.4.2 Sanning

Frelse er vesentleg i det fulle omfanget av djup inkarnasjon, vist i kapittel fira. Her gjeld frelse for alle uavhengig av om trur eller har evne og vilje til å ta imot nåden. Kva handlar denne dommen eller krisa om? Gregersen forklarar føremålet med Luther sin disputas i Heidelberg: «...the destruction of human pride (and of the despair that inevitably accompanies pride) in order to make room for grace.»²⁰⁹ Domsprosessen er knytt til den delen av oss som er hovmodig, hemnlysten og sjølvrettferdig. Dom seier Gregersen, betyr ikkje fordømming, men reingjering frå synda si makt, fyrst og fremst forvandling og transformasjon uansett kven me er eller kva me har gjort.²¹⁰ Formulert av Gregersen:

«Næremer bestemt rummer den kristen lære om dommedag, den vision, at sandheden omsider vil komme for en dag, så freden mellem mennesker kan bryde frem, og ethvert menneske – også den mest foragtelige forbryder – vil blive mødt og forvandlet av Guds tilgivende og nyskapende nåde.»²¹¹

²⁰⁴ Gregersen, *Ind i fællesskabet*, 351.

²⁰⁵ Gregersen, 352.

²⁰⁶ Gregersen, Niels Henrik, «Deep incarnation: Opportunities and challenges», 369.

²⁰⁷ Gregersen, *Ind i fællesskabet*, 351.

²⁰⁸ Gregersen, 355.

²⁰⁹ Gregersen, «The cross of Christ in an evolutionary world», 196.

²¹⁰ Gregersen, *Ind i fællesskabet*, 353.

²¹¹ Gregersen, 355.

7.4.3 Skam

Dommens dag er opplysningas dag, sanningas openberring. Sanninga, minner Gregersen oss om, har me det ofte vanskeleg med. Me bortforklarer, forsvarer og angrip, eller me er late, torer ikkje, unngår konflikhtar, ser ein annan veg eller fordeler skuld og set oss sjølve i offerrolla. Dei fleste veit kor vanskeleg det er å få våre eigne livsløgner fortalt. Det vekkjer gjerne ei skam som kan brenna lik som me var i helvete.²¹² Helvete er ikkje ein stad men ein mental tilstand, påpeikar Gregersen og viser til Luther, der ein kjenner seg forlaten og overlaten til seg sjølv utan å fatte ein utgang på tilstanden.²¹³ Dette kan vera den brennande skamma me kan få av å verta avslørt. Det høyrer til dommedag at ein kvar forbrytar vert stilt for domstolen og får brenna av skam.²¹⁴ Skilnaden her er at nåden er der når skamma har brent seg ferdig.

7.4.4 Nåde

Me får høve til å vikla oss ut av vår innvikla og forkvakla førestillingar om oss sjølve og våre relasjonar. Gregersen held fast på at alle får no høve til å sjå seg sjølv i lys av aksept, kjærleik og sanning. Samla sett handlar dommen om tre ting. Det første er at evangeliet reinskar vekk løgn og bedrag. Det andre er at dette lys av sanning frå Gud går gjennom eit kvart menneske. Det tredje er at med denne klarleiken framfor Gud sitt nådige andlet får me høve til å velja å ta imot lyset.²¹⁵ Frelsa er med andre ord ikkje noko som ein er tvinga til, men ein vert stilt til ansvar. Lyset i denne samanhengen, vil eg tru, er eit bilete på sanninga som har koma fram i lyset og våre feil og manglar kan me ikkje lenger gøyma vekk i myrkret og skamma oss over.

Som skildra i kapittel seks er eit av dei viktige elementa i ein kristen identitet å ta på alvor røyndom i verda og erkjenninga at me er sårbare og at me er gjensidig avhengige både av andre menneske og naturen. Sanning og sjølvverkjenning ein fellesnemnar med ein fleksibel eller kristen identitet. Dette kallar han å vera i resonans.²¹⁶ Dette samsvarer med dommedagsvisjoen til Gregersen.

²¹² Gregersen, 357.

²¹³ Gregersen, «The cross of Christ in an evolutionary world», 204.

²¹⁴ Gregersen, *Ind i fellesskabet*, 362.

²¹⁵ Gregersen, 353–54.

²¹⁶ Gregersen, «Resonant selves in ethical and theological perspective», 407.

7.4.5 Relasjon

For å fokusera på resonans som ein kvalitet i identiteten er det naudsynt å ta inn ‘den andre’. Dette er det motsette av synd, sik Gregersen definerer det i kapittel 5.6 som ein avstand mellom Gud og menneska. Synd er ein fastlåst avstand, medan me er skapt relasjonelle. Kristus er i relasjon til meg og resten av skaparverket seier Gregersen og viser til Dietrich Bonhoeffer, «Christ is Christ, not just for himself, but in relation to me.»²¹⁷ Kva kan dette bety?

Gregersen viser til skapinga av menneske som mann og kvinne. Med andre ord skapt til eit relasjonelt felt, kjenneteikna av samarbeid, fellesskap, aksept for det som er annleis og av felles glede av fysisk og åndeleg samkvem.²¹⁸ Dette treng ikkje vera avgrensa til mann og kvinne fordi på hebraisk står det mannleg og kvinneleg (1.Mos 1,27). Gregersen viser til Hartmut Rosa ved at dette samkvemmet kan uttrykkjast ved å lytta, snakka, i bøn, meditasjon eller song. Utfordringane er mellom anna knytt til vår forståing eller vrangførestilling av at me ikkje er i fellesskap.

Korleis ein kan få dette til er avhengig av korleis me ser på oss sjølve, våre relasjonar og korleis me kommuniserer. Når Gregersen skriv at å verta ein Person er å utvikla Egoet til å verta ein fullstendig identitet i resonans,²¹⁹ så koplpar eg det andre danske teologar både i vår samtid og fortid. Mikkel Gabriel Christoffersen og Christian Hjortkjær har bygd vidare på arven etter Søren Kierkegaard.²²⁰

Dei skriv at å tru er skrella av lag med sjølvrettferd og forsvar heilt til ein kan stå naken og sårbar i si skam framfor Gud i tillit til at Gud viser nåde for heile seg, inkludert det som utilstrekkeleg og feil.²²¹ Dette harmonerer med Gregersen sitt blick på dommedag. Hjortkjær og Christoffersen fortset med at kva blick me ser på vår neste er avgjerande for om det sårbare i oss vert grobotn for relasjonar eller til avstand mellom oss. Eg vil tru avstand mellom menneske har same kvaliteten som synd. Når blikket er basert på vår eigen kjærleik med Gud, ser me kvarandre som den me er. Alternativet er at me enten ser forbi den andre eller ser den

²¹⁷ Gregersen, Niels Henrik, «Deep incarnation: Opportunities and challenges», 364.

²¹⁸ Gregersen, «Resonant selves in ethical and theological perspective», 403.

²¹⁹ Gregersen, 397.

²²⁰ Mikkel Gabriel Christoffersen og Christian Hjortkjær, «Shame in Theological Anthropology», *Kerygma und Dogma*, 101.

²²¹ Christoffersen og Hjortkjær, 101.

andre sine kvalitetar og vurderer dei i kva grad dei har nytte for oss, påpeikar dei to danskane.²²² Den andre blir eit instrument.

Her har Gregersen i stor grad gjort greie for kva han meiner med transformasjon uttrykt gjennom eit nytt og tidsaktuelt perspektiv på dommedag som transformasjon og relasjon. Både Moltmann og våre daglege nyhende viser kva som skjer med både natur og samfunn når me ser både medmenneske, dyr og natur som eit instrument. Slik som Gregersen viser oss dommedag, er den glade budskapet at me kan gå gjennom dagleg dommedag for å skapa ei anna verd. Skapa ei verd som liknar på Gud sitt rike. Med dommedag slik som Gregersen omtalar den verkar den å vera ein transformasjon til frelse. Han seier ikkje noko om kva han legg i frelse, sjølv om dette har vore eit viktig poeng i både inkarnasjon og i djup inkarnasjon.

8 Det levande Ordet i relasjonar

Med grunnlag på dommedag som transformasjon er det naturleg å gå vidare til kjernen. Det som står att når løgn og bedrag har brent ned er relasjonen. Gregersen poengter: «What is annihilated is sin, what is preserved yet transcended is the essence of the creature.» Slik er Heilaganden, deler av seg sjølv i overflod og kommuniserer alltid med skapningane.²²³

Relasjonar er det som Gregersen har omtala gjennomgåande i alt materialet knytt til djup inkarnasjon. Fleire måtar knyter Gud seg til skaparverket frå innsida: Ordet kjenner smerte til sporv og rev frå innsida,²²⁴ Gud tolererer ikkje berre, men aksepterer og inkluderer og fornyar frå innsida.²²⁵ Visdomen eller Ordet ikkjøta seg jøden frå Nazareth på ein så omfattande måte at skjebne til gras, liljer, sporv og rev vart guddommeleggjort frå innsida.²²⁶ Det er noko gjensidig i fundamentet på denne relasjonen til Gud som ligg i djup inkarnasjon.

8.1 Djup resonans- føresetnad for og resultat av dommedag

Nesten tjuve år etter han lanserte djup inkarnasjon kom han med omgrepet djup resonans. Dette gjorde eg greie for i kapittel seks. Med eit kristent meiningsinnhald i djup resonans ligg det eit

²²² «Shame in Theological Anthropology A Constructive Contribution from Kierkegaard | Kerygma und Dogma», 116,

²²³ Gregersen, «The cross of Christ in an evolutionary world», 205.

²²⁴ Gregersen, Niels Henrik, «The Extended Body of Christ», 225–26.

²²⁵ Gregersen, «Cur deus caro», 383.

²²⁶ Gregersen, 375.

løfte frå Gud, konkluderer Gregersen. I dette løftet ligg det at me kjenner oss sett og forstått i våre inste kvalar og vår sprudlande glede over å oppdaga nye og uventa område med resonans. Dette er gjentakande både i og utanfor kriser, med hans eigne ord: «The religious promise of a “deep resonance” presupposes that the self is understood in its depths of anguish no less than in its joys of discovering unexpected zones of resonance. This goes for the life lived both before and after the experiences of disruption.»²²⁷

Det sårbare er viktig for å våga å ta inn skam som ein føresetnad for å gje plass til Gud si sanning for sjølvverkjenning. Det sårbare og fleksible er både eit resultat frå dommedag, ein er ikkje lengre ei sjel som er pansra bak sjølvrettvise, hemngjerrig, forklaring, forsvar og angrep. Det er i dette sårbare me kan ta i mot kjærleik. Det er gjennom denne kjærleiken me vågar å visa oss sårbare. Eg ser at Gregersen frå støtte ein lærd i eit anna fagfelt, sosiologen Brenè Brown.²²⁸ Ho hevdar at viljen til å vera sårbar er ein føresetnad for å kjenna seg verdig for kjærleik og tilknytning.²²⁹

Skal kyrkjesamfunn vera Kristi kropp tilkopla til Kristi hovud, slik som Gregersen hevda er ein røyndom og ikkje berre eit bilete, så må slike samfunn våga å lata seg gjennomlysa av sanning og sjølvverkjenning med Gud sin kjærleik og aksept. Det betyr at kristne må stilla seg vanskelege spørsmål med føremål om sjølvransaking. Eit spørsmål som kjem opp er korleis ein med intensjon om spreia Gud sitt Ord, har gjort så mange overtramp opp igjennom historia. Dette vil vera situasjonar der kyrkja som kropp har ikkje vore kopla til Kristus. Dette var ein føresetnad for inkarnasjonen slik Gregersen såg avgrensa omfang i 4.3.1.

Det er lett å ta avstand frå feil andre har gjort med ei sjølvrettferdig innstilling om at det var noko ‘dei andre’ gjorde. Dersom me ikkje kan forbinda oss med dei gode intensjonane til dei som gjorde overgrep, og tilsvarande forbinda oss med opplevingane til dei som opplevde overtramp, så står me i fare for å gjera nye overtramp, berre på ny måtar over for nye grupper. Å stilla slike spørsmål kan vera å ta på alvor Moltmann si oppmoding om å sjå vår verd med blikket til ‘den andre’, omtala tidlegare i kapittelet.

²²⁷ Gregersen, «Resilient Selves», 102.

²²⁸ University of Huston, «Brenè Brown», University of Huston, åpnet 11. september 2023, <https://uh.edu/socialwork/about/faculty-directory/c-brown/index.php>.

²²⁹ *The power of vulnerability* | Brenè Brown | TED, 2011, 9min.

Me må aktivt gå inn i dommedagsprosessar som Gregersen omtalar. Desse vil inkludera å vera ærleg om eigen motivasjon, egne kjensler, presis attgjeving av observasjonar heller enn tolkingar, konkrete forslag til tiltak basert på respekt og likeverd. Slike prosessar vil leggja føringar for korleis me møter ‘den andre’. Knut E. Løgstrup krystalliserer Kristus sin bodskap gjennom Jesus som den etiske fordringa: Kvar enkelt av oss held noko av livet til vår neste i våre egne hender. Me er gjensidig ansvarlege for kvarandre, utan at me kan ta ansvar frå kvarandre.²³⁰ Vår neste er ikkje berre redusert til andre menneske, men inkluderer heile skaparverket. Ei slik innstilling og praksis vil kunne få radikale fylgjer for økoteologi.

8.2 Økoteologi

I Moltmann sin analyse har enkelte folk vorte sjølvdefinerande i våre egne liv og ‘dei andre’ har vorte til ‘ikkje menneske’.²³¹ I økologisk samanheng har me tilsvarende gjort naturen eit instrument utan eigenverdi. Her kjem Gregersen med noko som kan vera ei løysing med djup inkarnasjon. Heilt sidan starten av omgrepet har han meint at i kvar enda bit av materien, altså kvar enda atom, er Kristus til stades med sitt nærvær. Han meiner at Luther ser Kristus som allstadnærverande i skaparverket, men finn ikkje noko omfattande refleksjon på korleis det frelsande er nærverande i det store og heile av naturen.²³² Kva kan eit slik nærvær bety for økologisk tenking?

Frå kapittel fem såg me at med «*God-with-all-living-things*»²³³ har Gregersen ein visjon om at kyrkja, som den sosiale kroppen til Kristus, vil inkludera heile skaparverket.²³⁴ Lenow viser til at Elisabeth A. Johnson har vore særleg tydeleg i å driva forståinga av djup inkarnasjon til å sjå heilskapen i verda. Ho etterlyser hjå Gregersen ei tydlegare kopling til kva som er dei moralske konsekvensane i høve til urett når det gjeld økologi, økonomi, rase og kjønn.²³⁵

Det er for så vidt berre å gje eit teologisk uttrykk for det som i naturvitskap og psykologi har vore kjent lenge. Menneske er inga øy, både fysisk og psykisk er me samanvevd med menneske og natur. Me utvekslar næring, avfall og informasjon med kvarandre. Me pustar faktisk i same

²³⁰ Løgstrup, Knut Eilert, *Den etiske fordring*, 133.

²³¹ Moltmann, *The Way of Jesus Christ*, 65.

²³² Gregersen, «The cross of Christ in an evolutionary world», 195.

²³³ Gregersen, Niels Henrik, «Deep incarnation: Opportunities and challenges», 372.

²³⁴ Gregersen, Niels Henrik, 373.

²³⁵ Lenow, «Christ, the Praying Animal», 572.

lufta som alle andre. Rotnande lauvverk og kadaver har vorte næring i jorda for eit tre som har slept O₂ ut gjennom sine friske blad.

Akkurat slike oksygenmolekyl pustar me inn. På same måten pregar me kvarandre med våre blick, tonefallet i stemma og våre andlet. Gregersen skriv at me ansvarlege overfor kvarandre, både i smått og stort, med glede og sorg, me er samanvevd med usynlege trådar i kvardagen.²³⁶ Dette er noko som me både erfarer og som forskning innanfor ulike fagfelt har bygd teoriar om. I sosialpsykologi ser ein på menneske sin lengsel etter å knyta seg gjensidig til andre som eit grunnleggjande menneskeleg motiv.²³⁷ Eg hevdar at dette ikkje berre omfattar menneske, men dyr og natur. Me er forplikta som kristne og ta dette på alvor. Samstundes som eg er einig med Gregersen i at ikkje naturen har den same verdien som menneske.²³⁸

Johnson, som nemnt over, seier at utnytting av menneske og natur går hand i hand, og at den økologiske krisa krev ein samtale med både hjarte og sinn for jorda sitt beste. Ho viser til Stephen Jay Gould som seier: «We cannot win this battle to save species and the environment without forging an emotional bond between ourselves and nature as well- for we will not fight to save what we do not love.»²³⁹ Me må altså erkjenne sanninga av at her er eit band mellom oss og naturen. Dette må vera grunnpremissen i å laga økonomiske strukturar og ta ei avgjerd enten det gjeld privatøkonomi eller samfunnsøkonomi.

Ein økonom som ser dette poenget er Roy Jakobsen. Han har i boka: *55 shades of green: hvorfor ny økonomisk praksis både er nødvendig og mulig*, skrive om Charles Eisenstein. Han har med utgangspunkt i teologi og økonomi kome til det same som eg hevdar Gregersen har gjort med djup inkarnasjon. Eisenstein meiner at vår tids problem når det gjeld økologi, fordeling av godar, m.m. har sitt opphav i vår førestilling av kva som er verkeleg.²⁴⁰

Eisenstein seier at me trur på illusjonen av at me er skilt frå andre menneske og at her er skilje mellom menneske og natur. Dette er ideen om det avskilte sjølvvet. Han hevdar at motgifta til kynisme, handlingslamming og frustrasjon er å endra medvit frå illusjonen til røyndomen. Me

²³⁶ Gregersen, *Ind i fællesskabet*, 361.

²³⁷ Lars Johan Danbolt, *Religionspsykologi*, 27.

²³⁸ Gregersen, «Cur deus caro», 377.

²³⁹ Elizabeth A. Johnson, «Jesus and the Cosmos: Soundings in Deep Christology», i *Incarnation: On the Scope and Depth of Christology*, 154–55.

²⁴⁰ Jakobsen, *Ove, 55 shades of green - hvorfor ny økonomisk praksis både er nødvendig og mulig*, 132.

høyrrer faktisk saman med alt i det han kallar ‘interbeing’. Løysinga er å reflektera over vår eigen identitet. I våre sosiale og økologiske utfordringar kan løysinga vera i å leva livet vårt i teneste til planeten basert på kjærleik, omsorg og ynskje om å tena alt liv.²⁴¹ Dette minner om Gregersen frå 2001 som eg tok med i kapittel tre. Gregersen formulerer dette ved at kun den som er stor i seg sjølv, kan tola å verta ein tenar utan å mista seg sjølv; slik strekkjer Gud seg inn i skaparverket og vert den allstادنrverande krafta bak alt.²⁴² Her kan ein sei at Gregersen snakkar om Gud, medan Eisenstein snakkar om menneske og natur. Likevel vil eg hevda at Kristus inkarnert i skaparverket kan vera mykje samanfallande med det Eisenstein kallar ‘interbeing’.

Djup inkarnasjon legg føringar for måten me møtest til samtalar for å ta ei avgjerd knytt til økologiske spørsmål. Å sjå det heilage i vår meiningsmotstandar krev mange nok gjensidige dommedagsprosessar for å finna sanning og samarbeid utan å døma kvarandre som verken klimafornektar eller klimafanatikar. Den etiske fordringa til Løgstrup kallar meg og deg til å verta medvitne om at me alle held noko av vår neste sitt liv i våre hender. Både fornektaren og fanatikaren er vår neste, når me innser dette, vil me saman kunne sjå jorda som vår neste. Dette vil vera ein naturleg konsekvens av djup inkarnasjon.

8.3 Eg og du som Kristus

Lenow kritiserer Gregersen for korleis han forklarar at Jesus Kristus skil seg frå oss når alt og alle er inkarnert. Han viser til at Gregersen forklarar det med at det berre er Jesus som har vore så fullstendig i resonans med Gud sin vilje og transparent for Gud sin evige natur.²⁴³ Dersom Kristus er med sitt nærvær i både liljer og gras, så er vel dette nærværet i både meg og deg.

I fylgje Gregersen sin omtale av djup inkarnasjon så er det Gud som lir og døyr på krossen. Då er vel Gud saman med meg og deg, og for oss i all vår liding. Dersom det er som Gregersen seier at Gud spreier kjærleik midt i skaparverket²⁴⁴ og sender lys av sanning, aksept og nåde gjennom vår innerst kjerne, slik at freden kan bryta fram mellom menneska,²⁴⁵ så kallar vel det

²⁴¹ Jakobsen, Ove, 132.

²⁴² Gregersen, «The cross of Christ in an evolutionary world», 203.

²⁴³ Lenow, «Christ, the Praying Animal», 574.

²⁴⁴ Gregersen, Niels Henrik, «Deep incarnation: Opportunities and challenges», 365.

²⁴⁵ Gregersen, *Ind i fellesskabet*, 355.

meg til ein transformasjon ved å snakka sant både i ei indre sjølvverkjenning og i kva eg ser rundt meg. Gud kallar meg, gjennom forståinga av djup inkarnasjon til å våga å sjå deg og lata meg røra ved, lata min indre klangbunn lyda enten det skurrar eller kling i kontakten mellom oss, og igjen søkjer kontakt sjølv etter krisene oppstår. Vårt liv og vår relasjon til Gud er større enn krisene våre.²⁴⁶

Slik eg forstår Gregersen så valde Gud å inkarnera seg for å stadfesta si tilknytning og kjærleik til sitt skaparverk. Kanskje berre for å minna folket på kva som er sant, sidan farisearar og skriftlærde ikkje lenger dugde til å leia folk på Gud sin veg.²⁴⁷ Kanskje Gregersen sitt arbeid kan fungera på same måten, å finna attende til kjelda og livet i Gud sitt ord. Me som prestar og teologar kan ha vorte dei nye skriftlærde og farisearar. Gregersen meiner at Kristus kalla på transformasjon. Det finn me att hjå Paulus. Paulus skriv *genometha* som betyr «bli», ikkje å få. Trua førte til ei forvandling eller metamorfose.²⁴⁸ Gregersen utvikla som sagt, eit omgrep i slektskap med djup inkarnasjon, 'deep resonance' som gjeld ein lovnad om at menneske vert sett og forstått i djupet av si sjel.²⁴⁹ Kanskje forvandlinga handlar om å våga å bli sett og å våga å sjå den andre med Gud sitt nådefulle blick med aksept, sanning og kjærleik.

Gregersen seier at konklusjonen i Det gamle testamentet er at alle er syndarar, men berre eit menneske som er i harmoni med Gud sin vilje og open for å visa Gud sitt vesen kan visa oss korleis Gud er.²⁵⁰ Slik eg forstår dette, opnar Gregersen opp for at alle og ein kvar i prinsippet kan vera Jesus lik, som Kristus inkarnert.

8.4 Eg og Du i relasjon

Gregersen sitt syn på dommedag er Gud si sanning med nåde, med eit tidsperspektiv på her og no, og med ein identitet som innbyr til resonans og å verta sett. Christoffersen og Hjortkjær legg til, at dommedag er å sjå kvarandre med Gud sin kjærleik. Dette har konsekvensar for korleis me lever våre liv. I starten av innleiinga viste eg til Austad som sa at vår forståing av Jesus Kristus er normativ. I denne delen byr eg inn andre faggrupper til å utfylla det som

²⁴⁶ Gregersen, «Resilient Selves», 102.

²⁴⁷ Gregersen, Niels Henrik, «The Extended Body of Christ», 237.

²⁴⁸ Helge Hognestad, *Jesus døde ikke for våre synder - han vekket oss: om å frigjøre menneskets guddommelighet : bidrag til en fornyet kristendom*, 24.

²⁴⁹ Gregersen, «Resilient Selves», 102.

²⁵⁰ Gregersen, Niels Henrik, «The Extended Body of Christ», 237.

Gregersen legg rammene for i si forståing av djup inkarnasjon og gjev eit normativ døme på kommunikasjon.

Kva kan ei slik innstilling av å søkja sanning og sjå kvarandre som likeverdige og inkarnert av Kristus ha å seia for korleis me lever våre liv i relasjon med kvarandre? Eg meiner Løgstrup uttrykkjer dette i den etiske fordringa som er generell. Han poengterer at Jesus heller ikkje la konkrete moralske føringar.²⁵¹ Korleis elska vår neste, blir det sentrale spørsmålet. Løgstrup påpeikar at tillit er kjernen i kontakten mellom oss, her med hans ord: «Tilliten er grunnlaget for enhver form for kommunikasjon. I tilliten er vi ikke lenger sperret inne, men er utenfor oss selv. Vi utleverer oss - som oftest uten å tenke over det».²⁵² Dette vil eg sei er ein anna måte å snakka om identitet i resonans.

Gregersen sin resonans, Paulus sin metamorfose, Løgstrup sin tillit er kanskje det same som Martin Buber søkjer å setja ord på i boka: *Jeg og Du*. Der oppdagar me det heilage i eit likeverdig møte mellom to subjekt, Eg og Du. Eg blir ikkje min identitet før eg ser deg som Deg. Me lever i kjærleik, dette er ei sanning og ikkje eit bilete, hevdar Buber.²⁵³ Eisenstein snakkar om interbeing og Johnson etterlyser moral i kapittelet om økoteologi. Her er mange som snakkar om det same, lengtar etter det same.

Gregersen tek eit ontologisk perspektiv på synd og vert ikkje konkret med moraliserande imperativ. Johnson etterlyste konkrete moralske føringar. Dette er noko Løgstrup si fordring og forståing av Jesus tek avstand frå. Du skal elska Herren din Gud med heile ditt hjarta, sjel, vit og makt, samt nesten din som deg sjølv, er så konkret som det blir (Mark 12,30). Ein som knyter dette til kommunikasjon er Marshall B. Rosenberg.

I boka 'Spiritualitet i praksis' gjev han oss «ein guide til å integrera den åndelege dimensjonen i liva våre for å skapa kontakt mellom menneske og dermed konkrete sosiale endringar. Me skal ikkje gjera nokon ting for kvarandre,[seier Rosenberg,] dersom det ikkje har utgangspunkt i den Guddommelege Energi. Dette merkar du når du handlar utifrå overskot og glede, utan plikt,

²⁵¹ Løgstrup, Knut Eilert, *Den etiske fordring*, 14.

²⁵² Løgstrup, Knut Eilert, 13.

²⁵³ Buber, Martin, *Jeg og Du* (Cappelens upopulære skrifter, 1992), 13–16.

krav eller frykt.²⁵⁴»²⁵⁵ Dette minner om Gregersen der han ser Gud si eigen kjærleik som i sitt vesen gjev av seg sjølv og flyt over.²⁵⁶

Rosenberg ber oss om å søkja sanning i ulike dimensjonar. Snakka sant om kva me ser og høyrer heller enn å tolka og tru. Snakka sant om det som er kroppsleggjort av kjensler heller enn å synsa og meina. Kjenna etter kva som i sanning er vår motivasjon og lengsel. Ta ansvar for dette ved å koma med konkrete handlingsforslag heller enn å leggja det over på andre med krav og skuld.²⁵⁷ Når me ser forbi fiendebileta våre og møter kvarandre med empati og kjærleik, så opnar me opp for det guddommelege.²⁵⁸ Når me er i det guddommelege vert det naturleg å handla ut frå medkjensle. Alle ber kostnaden dersom me uttrykkjer oss med utgangspunkt i skuld, skam, tvang, straff eller løkkemiddel.²⁵⁹

Med kristen identitet kan me vera i grunnleggjande tillit til Gud og i resonans med kvarandre utan verken å forstå eller å gjera noko anna enn å vera.²⁶⁰ Dette er mi formulering av kva Gregersen legg i denne identiteten. Den kan ein ha utan å tru på dei kristne dogme, nettopp ved å erkjenne den resonansen som er der som eit løfte frå Gud, enten ein trur på Gud eller ikkje. Dette er djup inkarnasjon. Det er gjennom ein relasjon til det som er sant i oss sjølve og ein likeverdige relasjon med ‘den andre’ enten det er eit menneske eller noko anna i skaparverket at Kristus som inkarnert i oss kjem til uttrykk.

9 Oppsummering og konklusjon

I Djup inkarnasjon eksisterer Kristus som Ordet eller Visdomen på tvers av tid og rom. Sjølv om både skapinga, inkarnasjonen og frelsa høyrer saman på ein måte som sprengjer vår kronologiske forståing av tid, har eg i denne oppgåva fylgd ei kronologisk utvikling av ‘djup inkarnasjon’ frå den vart lansert i 2001 til dei siste bidraga i 2021. Denne har eg delt inn i fire periodar som går fram frå strukturen i oppgåva.

²⁵⁴ Marshall B. Rosenberg, *Practical Spirituality: The Spiritual Basis of Nonviolent*, 31.

²⁵⁵ Eige arbeid, «Eksamen», 4.

²⁵⁶ Gregersen, *Ind i fællesskabet*, 297.

²⁵⁷ Marshall B. Rosenberg, *Ikkevoldskommunikasjon. Empatisk kommunikasjon- et språk for livet*.

²⁵⁸ Rosenberg, Marshall B., *Spiritualitet i praksis- om det spirituelle grundlag for ikkevoldelig kommunikation*. Baksideoemslag.

²⁵⁹ Rosenberg, Marshall B., 31.

²⁶⁰ Gregersen, «Resonant selves in ethical and theological perspective», 407.

I dei tre første fasane i utviklinga av omgrepet har me sett at omgrepet på ei side har hatt eit innovervendt og tilbakeskodande blick på den måten at den har vore i dialog med og forankring til den kristne tradisjonen og kjeldene. På ei anna side har den hatt blikket vendt utover til den verda me faktisk lever i, på den måten at omgrepet har vore i dialog med naturvitskap og den forståinga me har av verda i vår tid. Djup inkarnasjon har vorte utvikla og omarbeida og har i neste omgang ført til ny forståing av gamle dogme.

I den siste og fjerde fasen eg analyserte, så inkluderte Gregersen tidsaktuelle sekulære samtalar om forming av identitet. Her var innstillinga meir utovervendt og framtidsretta i høve korleis teologi kan vera med å bidra til både kyrkjesamfunn og den meir sekulære delen av samfunnet.

I dei to drøftingskapitla gjekk eg meir djupna på enkelte funn i analysen. I kapittel sju var det størst fokus på teologiske tema, medan det i kapittel åtta var relasjonar som stod sentralt.

I denne oppgåva har eg med tekstanalyse svara på problemstillinga: «*Kva inneber Niels Henrik Gregersen si forståing av inkarnasjon som 'djup inkarnasjon'?*» Grunnlaget for oppgåva er ein analyse av eit utvalt materialet av Gregersen. I det fylgjande presenterer eg sentrale funn i oppgåva.

Djup inkarnasjon er det synet at Gud sitt eige Ord tek bustad i Jesus, slik at Kristus på ein omfattande måte inngår i det konkrete mennesket Jesus, jøden frå Nazareth og at Ordet samstundes vart sameina med alle vesen og alt som eksisterer.

Gregersen har lagt eit innhald i djup inkarnasjon som kallar på transformasjon både av kristne dogme og kristent liv. Forteljinga om Jesus som Kristus er eit kristent dogme. I dette dogme frelsar Kristus alle menneske, alt liv og alt som eksisterer. Dette er uavhengig av både tru og synd. Synd vert definert av Gregersen som ein avstand mellom Gud og skaparverket.

Det guddommeleg nærværet i oss vert openberra for oss gjennom dommedag. Dommedag er ein pågåande prosess, men resultatet av denne er ikkje her endå. I denne prosessen vert me gjennom nåde og kjærleik kjent sanninga om oss sjølve, slik at sjølverkjenninga vert absolutt. I denne lysande openberinga vert me, frå å vera innkrøkt i oss sjølve, vikla ut som eit instrument. Me er skapt som, og gjennom dommedag frelst som, ein identitet i resonans. Me er enten dissonans eller konsonans med resten av skaparverket og har gjensidig innverknad på kvarandre.

Heile skaparverket er ein del av oss og me er ein del av skaparverket. Med denne innsikta vil me kunne ta avgjerder som gagnar fred, tryggleik og livsgrunnlag for alt og alle. Dette føreset eit likeverdig møte mellom Eg og Du.

Den mest radikale fylgja for djup inkarnasjon, er tanken om at i meg og deg ligg potensialet for at i relasjonen mellom Eg og Du er Gud nær gjennom Kristus. Føremålet har vore å finna ut kva Gregersen meiner med djup inkarnasjon. Eg hevdar å ha vist å ha grunnlag i hans resonnement for å sjå Eg og Du som Kristus.

Ein slik identitet vil kunna lata fred bryta fram gjennom menneska og resultatet ville bli ein kommunikasjon mellom likeverdige og ansvarlege partar. Ein slik kommunikasjon kan likegjerne vera gjensidig. Den kan kanskje vera både årsak til, og resultat av ein slik identitet. Med ein slik identitet er ikkje Ordet avgrensa til kristne dogme for å koma til uttrykk.

Med dette meiner eg å ha svara på problemstillinga «*Kva inneber Niels Henrik Gregersen si forståing av inkarnasjon som 'djup inkarnasjon'?*» Det har vore ei interessant og lærerik oppgåve.

10 Litteratur

- Austad, Torleiv. *Kristologi. En innføring*. Cappelen Damm, Høyskoleforlaget, 2012.
- . *Tolkning av kristen tro: metodespørsmål i systematisk teologi*. Kristiansand: Høyskoleforl, 2008.
- Buber, Martin. *Jeg og Du*. Cappelens upopulære skrifter, 1992.
- Christoffersen, Mikkel Gabriel, og Christian Hjortkjær. «Shame in Theological Anthropology». *Kerygma und Dogma* 67, nr. 2 (21. mai 2021): 101–21.
- Danbolt, Lars Johan. *Religionspsykologi*. Oslo: Gyldendal Akademisk, 2014.
- «Den apostoloske truedkjenninga». Den norske kirke, u.å.
https://www.kirken.no/globalassets/kirken.no/om-troen/kristen-tro/oldkirkelige_bekjennelser22.pdf.
- Eige arbeid. «Eksamen». Menighetsfakultetet, 2023.
- Elizabeth A. Johnson. «Jesus and the Cosmos: Soundings in Deep Christology». I *Incarnation: On the Scope and Depth of Christology*, redigert av Gregersen, Niels Henrik, 133–56. Minneapolis: Fortress, 2015.
- Gravem, Peder. *Livstolkning*. Oslo: Universitetsforlaget, Institutt for Kristen Oppseding, 1996.
- Gregersen, Niels Henrik. «Cur deus caro: Jesus and the Cosmos Story». *Theology and Science* 11, nr. 4 (1. november 2013): 370–93.
- . «Deep incarnation: From deep history to post-axial religion». *HTS Theological Studies* 72, nr. 4 (2016): 1–12.
- Gregersen, Niels Henrik. «Deep incarnation: Opportunities and challenges». I *Incarnation: On the Scope and Depth of Christology*, redigert av Gregersen, Niels Henrik, 361–79. Minneapolis: Fortress, 2015.
- , red. *Incarnation: On the Scope and Depth of Christology*. Minneapolis: Fortress, 2015.
- Gregersen, Niels Henrik. *Ind i fællesskabet: en samtidssteologi om gudsriget og det evige liv*. København: Eksistensen, 2021.
- . «Resilient Selves: A Theology of Resonance and Secularity». *Dialog* 59, nr. 2 (2020): 93–102. <https://doi.org/10.1111/dial.12568>.
- . «Resonant selves in ethical and theological perspective: On personhood and identity formation». *Dialog* 60, nr. 4 (2021): 396–408.
- . «The cross of Christ in an evolutionary world». *Dialog* 40, nr. 3 (2001): 192–207.

- Gregersen, Niels Henrik. «The Extended Body of Christ: Three Dimensions of Deep Incarnation». I *Incarnation. On the Scope and Depth of Christology*, redigert av Niels Henrik 1956- Gregersen, 224–51, 2015.
- Gregersen, Niels Henrik. «The Twofold Assumption: A Response to Cole-Turner, Moritz, Peters and Peterson». *Theology and Science* 11, nr. 4 (2013): 455–68.
- Hanne Birgitte Sødal Tveito. «Innledning til Johannes». I *Studiebibelen: Bibelen i 2011-oversettelse med introduksjoner og kommentarer*. Oslo: Verbum, 2019.
- Hegstad, Harald. *Gud, verden og håpet: innføring i kristen dogmatikk*. Oslo: Luther, 2015.
- Henriksen, Jan-Olav, og Svein Aage Christoffersen. *Religionens livstolkning: innføring i kristendommens religionsfilosofi*. Oslo: Universitetsforl, 2010.
- Hognestad, Helge. *Jesus døde ikke for våre synder - han vekket oss: om å frigjøre menneskets guddommelighet : bidrag til en fornyet kristendom II*. Fredrikstad: Solens forlag, 2022.
- Jakobsen, Ove. *55 shades of green - hvorfor ny økonomisk praksis både er nødvendig og mulig*. New Deal Publishing, 2023.
- Jayne Svenungsson. «Postmoderne teologi». I *Moderne teologi: tradisjon og nytenkning hos det 20. århundrets teologer.*, redigert av Kristiansen, Ståle Johannes, 614–26. Høyskoleforlaget, 2008.
- Lenow, Joseph. «Christ, the Praying Animal: A Critical Engagement with Niels Henrik Gregersen and the Christology of Deep Incarnation». *International Journal of Systematic Theology* 20, nr. 4 (2018): 554–78.
- Løgstrup, Knut Eilert. *Den etiske fordring*. Cappelen Forlag, 1999.
- Marshall B. Rosenberg. *Ikkevoldskommunikasjon. Empatisk kommunikasjon- et språk for livet*. Arneberg, 2006.
- McFarland, Ian A. *The Word Made Flesh: A Theology of the Incarnation*. Louisville: Westminster John Knox, 2019.
- McGrath, Alister E. *Christian Theology: An Introduction*. 5th ed. Chichester, West Sussex: Wiley-Blackwell, 2011.
- Moltmann, Jürgen. *The Way of Jesus Christ: Christology in Messianic Dimensions*. New York: Harper Collins Publisher, 1990.
- Møller, Tor Martin. «Edit Stein». I *Moderne teologi: tradisjon og nytenkning hos det 20. århundrets teologer.*, redigert av Kristiansen, Ståle Johannes, 641–52. Høyskoleforlaget, 2008.

- Niels Henrik Gregersen. «Dogmatik som samtidsteologi», u.å.
- Perry, Schmidt-Leukel. *Religious Pluralism and Interreligious Theology: The Gifford Lectures - An Extended Edition*. Orbis Books, 2017.
- Reiten, Ole Thomas Bientie. «En kristologi for menneske i dag? En analyse av Jürgen Moltmanns forståelse av Jesu Kristi fødsel og oppstandelse i ‘The Way of Jesus Christ’». Menighetsfakultetet, 2013.
- Rise, Svein, og Ståle Johannes Kristiansen. *Moderne teologi: tradisjon og nytenkning hos det 20. århundrets teologer*. Kristiansand: Høyskoleforl, 2008.
- Rosenberg, Marshall B. *Practical Spirituality: The Spiritual Basis of Nonviolent Communication*. Encinitas: Rosenlund Forlag, 2008.
- Rosenberg, Marshall B. *Spiritualitet i praksis- om det spirituelle grundlag for ikkevoldelig kommunikation*. Rosenlund Forlag, 2008.
- «Shame in Theological Anthropology A Constructive Contribution from Kierkegaard | Kerygma und Dogma». Åpnet 20. november 2023. <https://www.vr-elibrary.de/doi/abs/10.13109/kedo.2021.67.2.101>.
- Sigurdson, Ola. «Radikal ortodoksi». I *Moderne teologi: tradisjon og nytenkning hos det 20. århundrets teologer.*, redigert av Kristiansen, Ståle Johannes, 627–38. Høyskoleforlaget, 2008.
- Skarsaune, Oskar. *Inkarnasjonen - myte eller faktum?* Logos. Oslo: Lunde, 1988.
- The power of vulnerability | Brené Brown | TED*, 2011. <https://www.youtube.com/watch?v=iCvmsMzIF7o>.
- University of Huston. «Brené Brown». University of Huston. Åpnet 11. september 2023. <https://uh.edu/socialwork/about/faculty-directory/c-brown/index.php>.
- Wolf, Jakob. «Systematic Theology Section». University of Copenhagen, 8. august 2008. [https://teol.ku.dk/english/dept/ast/?pure=en%2Fpersons%2Fniels-henrik-gregersen\(d24141a0-a1a1-408d-8503-242196b7c99d\)%2Fcv.html](https://teol.ku.dk/english/dept/ast/?pure=en%2Fpersons%2Fniels-henrik-gregersen(d24141a0-a1a1-408d-8503-242196b7c99d)%2Fcv.html).